0623 Modum	649 841	22 327	3,6
0624 Øvre Eiker	853 779	45 995	5,7
0625 Nedre Eiker	1 120 813	51 183	4,8
0626 Lier	1 252 560	81 175	6,9
0627 Røyken	986 395	52 606	5,6
0628 Hurum	454 127	24 206	5,6
0631 Flesberg	155 929	5 128	3,4
0632 Rollag	94 280	1 886	2,0
0633 Nore og Uvdal	158 950	6 753	4,4
Fordeles gjennom året	24 600		
Buskerud	13 392 309	649 104	5,1

Fra anslag på regnskap 2014 er veksten i kommunenes frie inntekter 2015 på 4,8 prosent, kommunene i Buskerud anslås samlet sett å få en nominell vekst i de frie inntektene på 5,1 prosent.

I Buskerud har 13 av 21 kommuner vekst som er høyere enn eller lik veksten på landsbasis. Størst vekst har Krødsherad kommune med 7,4 prosent, mens Rollag kommune har lavest vekst med 2,0 prosent. Vekstprosentene er regnet fra RNB.

Sett under ett hadde kommunene i Buskerud i 2013 utgiftskorrigerte frie inntekter på 98 prosent av landsgjennomsnittet. Når man sammenligner kommunenes inntekter korrigert for variasjoner i utgiftsbehov, tar man hensyn til at de antatte kostnadene ved å produsere tjenester varierer betraktelig mellom kommunene. I Buskerud hadde 12 av 21 kommuner utgiftskorrigerte frie inntekter som var høyere eller lik landsgjennomsnittet. Variasjoner i inntektsnivå kommunene i mellom har hovedsakelig sammenheng med variasjoner i skatteinntekter, regionalpolitiske tilskudd, veksttilskudd og skjønnstilskudd.

Skjønnsmidler 2015 for Buskerud

Skjønnsrammen for Buskerud for 2015 er på 37,6 millioner kroner. Dette er en reduksjon i forhold til 2014 på 11,5 millioner kroner. Av dette utgjør fjerningen av 100 mill. kroner til inntektssvake kommuner i Sør-Norge 8 mill. kroner. Tildelingen av skjønnsmidler til den enkelte kommune i Buskerud fremkommer av denne tabellen:

Kommune	Beløp i 1000 kr
Drammen	2 000
Ringerike	2 000
Nes	500
Gøl	1 000
Sigdal	3 000
Modum	1 000
Øvre Eiker	1 000
Nedre Eiker	2 000
Hurum	500
Buskerud	13 000

Fylkesmannen har holdt tilbake 24,6 mill. kroner til senere fordeling. Vi vil i forhold til de tilbakeholdte skjønnsmidlene sende ut et eget brev om prosedyren og betingelsene for tildeling av disse til kommunene i fylket.

Vi gjør oppmerksom på at skjønnsmidler ikke er en påregnelig inntekt.

Fylkesmannens anbefalinger

Fylkesmannen anbefaler at følgende legges til grunn for budsjett- og økonomiplanarbeidet:

- *Netto driftsresultat bør minimum utgjøre 3 % av driftsinntektene avhengig av nødvendige avsetninger og investeringer. Driftsresultatet bør over tid ligge mellom 3-5 %. Buffere er en nødvendighet for å kunne takle svingninger på både inntekts- og utgiftssiden.*
- *Egenfinansieringsgraden har vært svært lav de siste årene. Vi ber kommunene om å gjøre det som er mulig for å øke denne. Det vil være et viktig bidrag for å styrke kommunens økonomiske stilling.*
- *Langsiktig gjeld må holdes på et forsvarlig nivå. Kommunen må i økonomiplanen synliggjøre en forsvarlig betjening av etablert og planlagt lånegjeld.*

Avsluttende merknader

Når det gjelder oversendelse av kommunestyrets budsjettvedtak til fylkesmannen, viser vi til forskrift om årsbudsjett § 15 hvor det heter at årsbudsjettet skal foreligge som eget dokument senest 15. januar det år budsjettet gjelder for. Dokumentene, samt økonomiske oversikter etter § 12, skal oversendes Fylkesmannen til orientering straks de foreligger.

Vi ber om at den enkelte kommune sender 1 eksemplar av budsjett og økonomiplan til Fylkesmannen. Alternativt kan dette sendes over som et elektronisk dokument.»

Med hilsen

*Helen O. Bjørnøy
Fylkesmann*

Lisbet K. Smedaas Wølner

Framlegg til budsjett for Hemsedal bygger på føresetnadane i regjeringa sitt opplegg for kommunane.

Rådmannen sitt framlegg til budsjett er basert på vidareføring av prioriteringane i 2014-budsjettet. Det vil si at styrkinga av skulesektoren og auke i tilskot til frivilligsentralen er innarbeida i årets budsjett. Vidare er nedlegging av Skadvin barneshage gjennomført med heilårsverknad.

Det er i årets budsjett gjort tilpassingar av drifta i forhold til økonomisk bæreevne på ca. 2. mill.

Skatteanslaget er auka med kr. ein mill. til 59 mill. Ut frå KS prognosemodell gir dette sum skatt og ramme på kr. 128 700 000 inklusiv inntektsutjamning. Det er føreset kr. 318 000 i positiv inntektsutjamning. I forhold til fjorårets budsjett er sum skatt og ramme auka med berre kr. 800 000. Dette skuldast at fjorårets skatteanslag vart vurdert for høgt med ei nettoverknad på ca. 2,5 mill. kr. I tillegg gir avviklinga medfinansieringa i spesialisthelsetenesta ei endring av inntekter og utgifter på ca. kr. 2 mill.

Det er lagt til grunn same lånerente i årets budsjett om som fjoråret. Lånerenta i Kommunalbanken pr. dato 2,25 %. Det vidare lagt til grunn at kommunes langsiktige lånegjeld eksklusiv startlån vil vera på kr. 150 000 000 31.12 2015.

Beregning av minste tillatte avdrag ut fra forenklet brøk :				
Sum l-gjeld / bokført verdi anl.midler * årets avskrivninger =				
Sum L.gj	Bokf.verd	Avskrivn	Minste tillatte avdrag	
150 618 652	265 147 492	10 667 852	6 059 938	

Det er vidare i budsjettet med kr. 6 mill. i avdrag. Dersom kommunen betaler meir enn dette i avdrag er det lagt til grunn at dette skal føres som ekstraordinære avdrag i investeringsrekneskapen. I berekingen av minimumsavdraget i figuren over er det nytta forenkla metode. Hemsedal kommune betalar fortsatt meir enn kommunelovens krav til minimumsavdrag rekna ut etter vekta metode (§ 50 nr. 7a).

Utbytte får kraftforvaltning er redusert frå kr. 8,5 mill. til 8 mill. Det er føreset at overskotet frå kraftforvaltning maksimalt blir kr. 7,5 mill. og at nettdrifta til Hemsedal Energi KF må bidra med eit overskot på ca. kr. 500 000. Reduksjonen er fordelt med kr. 300 000 i drift og kr. 200 000 ved forslag om avvikling av enøk-fondet.

Det har tidlegare vore større vekst i budsjetta til interkommunale selskap enn i kommunens budsjett. Denne utviklinga har vi ikkje i årets budsjett.

Interkommunalt samarbeid	Type	Bud. 2012	Bud. 2013	Bud. 2014	Bud. 2015	Auke	2014-2015	Ansvar
Regionrådet Hallingdal	§ 27	240 000	252 433	260 000	275 000	15 000	5,8 %	1000
IKT Hallingdal		3 320 000	3 578 000	3 629 363	3 646 559	17 196	0,5 %	1000
Hallingdal barnevern	§ 28b	3 860 000	4 389 000	4 212 000	4 205 600	-6 400	-0,2 %	2600
NAV Hemsedal og Gol	§ 28b	4 500 000	4 500 000	4 700 000	4 800 000	100 000	2,1 %	2600
Felles innkrevingskontor Hallingdal	§ 28c	700 000	648 000	680 000	773 728	93 728	13,8 %	1000
Interkommunal legevakt- nattlegevakt	§ 28b	290 000	296 000	360 000	460 000	100 000	27,8 %	2500
Hallingdal Etableresenter	§ 27	46 000	46 000	55 000	55 000	-	0,0 %	3400
Miljøretta helsevern Hallingdal	§ 28b	60 000	61 200	65 000	70 000	5 000	7,7 %	2500
Kommunehelsesamarbeidet Vestere Viken		5 000	5 000	5 000	5 200	200	4,0 %	2500
Hallingdal Krisesenter	Stiftelse	388 400	461 515	466 700	499 122	32 422	6,9 %	2600
Hallingdal Renovasjon IKS	IKS	4 178 000	3 912 000	6 018 750	5 591 000	-427 750	-7,1 %	3200
Kommunerevisjonen IKS	IKS	500 000	550 000	510 000	410 000	-100 000	-19,6 %	1000
IKA Kongsberg	IKS	82 000	227 400	234 222	248 275	14 053	6,0 %	1000
Vestviken 110 IKS	IKS	70 000	72 000	75 000	78 000	3 000	4,0 %	
PPT og OT Nedre Hallingdal IKS	IKS	777 000	917 000	989 630	1 111 900	122 270	12,4 %	2010
Hallingdal brann- og redningsteneste	IKS	2 192 000	2 383 000	2 748 348	2 821 989	73 641	2,7 %	3100
Sum		21 208 400	22 298 548	25 009 013	25 051 373	42 360	0,2 %	

Det framlagte budsjettet viser ein betring i netto driftsresultat korrigert for investeringsmomsen på kr. 1 259 000 i forhold til fjorårets opphavlege budsjett. Årets netto driftsresultat på kr. 2 039 002 og utgjør 1 % av driftsinntekter. Anbefalt handlingsregel for minimum netto driftsresultat er på 2 %. Dette var tidlegare på 3 %, men etter at investeringsmomsen blir ført direkte i investeringsrekneskapen er dette justert ned til 2 %.

Kommunen har sidan 2013 hatt som utgangspunkt ein handlingsregel for investeringar at lånegjelda knytt til ordinære anleggsmidlar ikkje skal auke meir enn veksten i frie inntekter. Anslag vekst i frie inntekter rekna frå rekneskap 2014 og budsjett 2015 er ca. 5 mill. kr. Det er vidare føreset at 60 % av lånegjelda er knytt til ordinære anleggsmidlar. Det vil si at ein kan låne opp igjen 3,6 mill. (6. mill. i avdrag * 60 %) pluss veksten i frie inntekter på 5 mill. totalt 8,6 mill. Dersom kommune klara å produsere overskot i driftsrekneskapen vil det vera med å auke evna til å investere. Årets investeringar er større enn handlingsregelen tilseier, men målt over fireårs perioden er kommunen innanfor handlingsregelen.

Det er ikkje funne plass til nokon ny tiltak i 2015 budsjettet. Kommunen har fått førespurnad frå Tunsberg Bispedømmeråd om forny vurdering av diakonstilling i Hemsedal. Det blir opp til økonomiutvalet og kommunestyret og vurdere denne førespurnaden.

5 Særslikte fokusområder i 2015

5.1 Kommunereforma

I kommuneproposisjonen 2015 (Prop. 95 S) skisserer Regjeringa korleis den varsla kommunereforma vil sjå ut.

«Målet for kommunereforma er skildra i kapitel 4.4 i meldinga: Kommunereforma skal legge til rette for at flere kommuner slår seg sammen til større og mer robuste kommuner. Færre og større kommuner skal gi bedre kapasitet til å ivareta og videreutvikle lovpålagte oppgaver, gi bedre muligheter til å utvikle bærekraftige og gode lokalsamfunn, samt ivareta viktige frivillige oppgaver. Generalistkommuneprinsippet er et utgangspunkt for reformen. Som et generelt prinsipp skal reformen legge et grunnlag for at alle kommuner kan løse sine lovpålagte oppgaver selv. Kommunestrukturen skal legge til rette for en enhetlig og oversiktlig forvaltning.

Regjeringen har følgende mål for reformen:

- Gode og likeverdige tjenester til innbyggerne*
- Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling*
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner*
- Styrket lokaldemokrati»*

I Regionrådet vart det gjort fylgjande vedtak i sak 39/14 i samband med sak om kommunereforma:

«Det vart drøfta korleis prosessen med kommunereforma eventuelt kan samordnast for kommunane i Hallingdal. Rådmannsutvalet vil utarbeide felles sak for det vidare arbeidet med utgangspunkt ein felles prosess for Hallingdal.

Fylkesmannen ynskjer eit felles møte med kommunane i Hallingdal (formannskap/kommunestyre). Møte blir foreslått lagt til 31.10.2014 i samband med Hallingtinget.»

Kommunestyret handsama også sak om KS si medverknad i lokale og regionale prosessar i kommunereform i Sak 62/14 der det vart fatta fylgjande vedtak:

«Hemsedal kommune er einig i at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale / regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtaket har invitert kommunane til.

2. Hemsedal kommune skal sjølv vere pådrivar for dei initiativ og lokale prosessar kommunen ynskjer å ta del i.»

Kommunestyret må i løpet av 2015 ta stilling korleis kommunen skal angripe dette spørsmålet.

5.2 Framtidig skule- og barnehagestruktur

Kommunestyret sette skule- og barnehagestrukturen i kommunen under lupa i samband med budsjettvedtaket i 2012. I 2013 vart det sett ned ei arbeidsgruppe som arbeidde fram ein rapport. Rapporten vart handsama i kommunestyret i sak 61/14 med fylgjande vedtak:

«Hemsedal kommunestyre ber administrasjonen ta fylgjande vurderingar vidare:

☒ modell 1, 3 og 6 er med vidare i arbeidet

☒ det vert lagt fram nærare vurderingar av investerings- driftskostnadar for dei ulike modellane

☒ rår til at administrasjonen ser på variasjonar innanfor dei valde modellane. Administrasjonen vurderer organisatoriske og pedagogiske alternativ.

☒ arealbruken for Hemsedal barne- og ungdomsskule må avklarast i områdeplan

☒ Formannskapet med dei partia som ikkje sit i formannskapet skal fungere som referansegrupp for administrasjonen sitt arbeid.

Det vert politisk arbeidsdag hausten 2014 der ein arbeidar med modellane.»

Modell 1 er vidareføring av dagens modell. Modell 3 er sentralisering av frå 1 – 10 klasse og med barnehagar på Ulsåk og Tuv. Modell 6 er samanslåing av småskulen på Tuv med Ulsåk.


Det vil bli fremma sak for kommunestyret om framtidig skule- og barnehagestruktur i løpet av 2015

6 FOKUSOMRÅDE BEFOLKNING, NÆRING OG SAMFUNN

Handlingsplanen bygger på kommuneplanen sin samfunnsdel av 30. juni 2010, og arealdelen av 8. desember 2011, samt vedteke «Kommunal planstrategi 2012-2015», sist justert i samband med handlingsplan for 2014- 2017.

6.1 Mål for samfunn og næring

Arbeidet med å sikre bustadtomter i dei 3 sentra Tuv, Trøym og Ulsåk, parallelt med å sikre moglegheit for spreidd bustadbygging i grendene er høgt prioritert. Kommunen opplever fortsatt vekst i innbyggjartalet, noko som viser at siste års planleggjingsarbeid, samt investeringar i infrastruktur knytt til bustadutvikling har vore rett.



Utfordringar med planarbeid er å forene gode prosesser, sikre medverknad og kvalitet i planleggjinga samt ei gjennomføring innan rimeleg tid. Det må og vere ein samheng mellom kommunen si økonomiske løfteevne og evne til å finansiere planlagt infrastruktur – om ikkje vert planen verdiløus.

På tross av relativt ny kommuneplan registrere administrasjonen at det går

relativt store ressursar til oppfølging av dispensjonssøknader som omhandlar i store trekk fysiske materielle rammer. Rådmannen vil difor råde kommunestyret til omgåande å starte opp ei **avgrensa** justering av kommuneplanen innan fire konkrete områder;

- For fritidsbustader vurdere å sjå på gesims-/mønehøgde frå 3,8/- 4,5 m i gjeldande plan
- Vurdere å erstatte bruksareal (BRA) med bebygd areal (BYA)
- Private Vatn/- avlaupsanlegg – sjå nærmare på føresegna knytt til VA- forvaltning
- Forankre utbyggingspolitikken i høve varme- og kalde senger – ABC- modell – i ny planbeskrivelse

Rådmannen vil vidare peike på at arbeidet med ei rekkje sentrale planer har trekt noko ut i tid. Dette påverker evna til å gjennomføre nye planer, og ferdigstille nyare planer som har starta opp. Resultat frå flomsonedata v/NVE vart først overlevert kommunen i slutten av juni 2014 – om lag 2 år seinare enn lovd. Vidare bustadutvikling på Tuv har mellom anna vore avhengig av desse resultatane. Endeleg fastlagt skulestruktur vil påverke arealavklaringar gjennom områdeplan for Trøym aust, og reguleringsplan for Tuv. Vi ser og at arbeidet med kommunedelplan for Lykkja og Markegardslia har strekt ut i tid – den er framleis ikkje klar til 2. gongshandsaming. Vidare ser ein at områdeplan for Trøym vest mest truleg må leggjast ut på ny etter mellom anna motsegn frå Statens Vegvesen. Områdeplan for Holdebakken innehar rekkjefølgjeføresegner som er utfordrande /- og hemmande for all utvikling i sentrale næringsområder sidan rundkøyring/ kryss må vere etablert før ein kan handsame søknadspiktige tiltak.

Dette er nokre døme på kva som påverker den administrative evne til å gjennomføre gode planprosesser. Det er difor viktig at ein så langt som råd tidleg får klare politiske bestillingar/ arealavklaringar slik at ein slepp å gjennomføre nye kostbare utgreiingar av alle og nye alternativ under vegs.

Som nytt tiltak har mellom anna arbeid med ein lettare gang- og sykkelveg mellom Holdebakken og Tuv

vore prioritert av kommunestyret. I følge vedteke Investeringsbudsjett skal ny VA- ledning prosjekterast i løpet av 2015. Parallelt vert det gjort vidare sonderingar med grunneigarane i håp om å sleppe kostbare planprosesser derl målet er å lage ein enkel gang/ sykkelveg utan store terrengingrep og større planprosessar.

Skildra plansamanhenger, men også utfordringar i høve administrative ressursar gjer at rådmannen tilrår ei forskyving av nokre planer. Av pågåande kommunale planer som kan forskyvast er «Områdeplan Trøym aust». Kommuna sine arealbehov må ikkje fastsettast i 2015 , sidan reguleringsplanen for ny Kyrkjegard er vedteke, og skulestrukturdebatten framleis pågår/ er under utgreiing. Det ligg likevel eit konkret privat initiativ på deler av planområdet - LA5 – som gjeld dyrka jorde rett aust for Hemsedal Energi/ Expert. Initiativet gjeld etablering av Vegkro, kontor, og garasjeanlegg m.m. Rådmann vil difor råde kommunestyret om å avklare ønskja arealføremål på LA5 før ordinær reguleringsprosess Trøym aust vert ferdigstilt. Privat ønskja arealbruk på LA5 grip dels inn i pågåande områdeplan for Trøym Vest i høve ønskja sentrumsutvikling. Arealbruken på LA5 innehar også interesseavvegningar mellom langsiktig offentlig behov, landbruks- og næringsinteresser.

Føresetnaden for vidare investeringar og utvikling er at ein er ajour med planleggingsoppgåvene. Rådmann forslår ei justering av kommunal planstrategi hausten 2014 i høve kommunen si økonomi og praktisk gjennomføringsevne i tråd med tabellen under, sjølv om formelt planstrategiarbeid skal påstartast av nytt kommunestyre hausten 2015.

	2012	2013	2014	2015
Kommuneplanar:				
K-plan – <u>utb.politikk</u> , BRA/BYA, <u>mønehøyde</u> og ABC				Rev
K- delplan <u>Lykkja Markegardslia</u>	Rev			
K- delplan for vasskraft				Ny
Planstrategi 2015 – 2019-oppstart				Ny/rev. →
Reguleringsplanar:				
Reguleringsplan Tuv - bustad				Rev
Bustadfelt <u>Hustadhagen</u>				Ny
Reg plan Trøim- Øst			Rev	
Områdeplan Trøim – (Gondol)	Ny/Rev			
Områdeplan Ulsåk - Fosshim	Rev			
Områdeplan <u>Holdebakken</u>			Rev.	
Tema / fagplanar:				
Hovudplan VA			Ny	
Rehab- og vedlikehald-kom.bygg			Ny	
Sti – ridesti,- og løypeplan		Rev		HD
Kulturminneplan				Ny
Trafiktryggleiksplan HD - revisjon				Rev
Energi- og klimaplan - rullering				Rev
Strategisk næringsplan		Ny		
Beitebruksplan			Ny	
Barnehageplan				Rev
Kultur - idrettsanleggsplan	Rev	Rev	Rev	Rev
Rusmiddel politisk plan inkl. HP	Ny			
Alkoholpolitiske <u>retningslinjer</u>	Rev			Rev →
Helse og omsorgsplan		Ny/rev		
HP mot vold og nære relasjon i HD				
Handlingsplan / økonomi	Rev	Rev	Rev	Rev
Beredskapsplan – ROS- analyse			Rev	

Oppsummering - hovudmål for planleggingsarbeidet i 2015 vert som følgjer;

- Gjennomføre ei avgrensa rullering av kommuneplanen på strategisk viktige områder som vil sikre ei kostnadseffektiv sakshandsaming, og forankring av kommunen si utbyggingspolitikk
- Ferdigstille områdeplan for Trøym vest der mål er å regulere næringsareal, sikre framtidsette løysningar for trafikkavvikling, lokalisering av basestasjon for framtidig gondol, og areal for Idrett
- Ferdigstille områdeplan for Ulsåk knytt til arealføremål Fossheim
- Ferdigstille kommunedelplanen for Lykkja – Markegardslia
- Vidareføre arbeidet med områdeplan for Trøym aust i samsvar med vedteke planprogram. Framtidig arealføremål på LA5 skal avklarast først i høve kommunen sine behov, interesseavveginger og omsyn til landbruk, miljø og samfunn
- I høve bustadutvikling på Tuv vert det første halvår i investeringsbudsjettet sett av ressursar til ein hydrogeologisk vurdering av sona for drikkevasskjelda viss mål er å sjå om det er mogeleg å fortette med nokre tomter i randsona til kjelda. Det vert planlagt oppstart av reguleringsplanarbeid for Tuv sentrum hausten 2015 der eventuelt areal for oppvekstsenteret og bustadutvikling vert hovedfokus
- Ferdigstille arbeidet med Strategisk Næringsplan. Planen skal syne viktige satsingsområder, ansvar og roller for å stimulere til vekst og utvikling for eksisterande næringsliv, og nyetablerarar. I tillegg skal kommuna sin endelege «varmsengspolitikk» fastsettjast
- Hemsedal har gjennomført, men står ovafor store investeringar innan vatn- og avlaup. Vatn er vårt viktigaste næringsmiddel. Tilstrekkelig og sikker vassforsyning med god kvalitet er ein av våre viktigaste kommunale oppgåver. Langsiktig strategisk planarbeid er nødvendig for at kommunen skal kunne drive forsvarlig vassforsyning, men også avlaupshandtering. Vidareføre arbeid med utarbeiding av Hovudplan for Vatn- og avlaup står difor sentralt.
- Ny revidering av barnehageplanen vert gjennomført i 2015. Noverande plan gjeld frå 2011-2015.

Hemsedal kommune vart i 2011 eigar av landbrukseigedommen Båstø. Føremålet med eigarskapet var lokalisering, og realisering av Norges Friluftshøgskule. Arbeid med ei slik realisering har på mange måter stoppa opp, og det synast no meir realistisk å utvikle eit kompetansetilbod tufta på eit anna innhald, organisering og eigarskap. Rådmann rår til at konseptet Friluftshøgskula vert tilpassa slik at ein kan utvikle eit kompetansetilbod i samarbeid med næringa gjennom dei nettverka og allianser som prosjektet har etablert. Samarbeid med Universitetet i Stavanger er framleis aktuelt. Eit eventuelt kompetansetilbod knytt til Båstø synast som lite realistisk. Eigarskapet til Båstø har gjort at kommunen no er ein likeverdig part i utvikling av eit hyttefelt som ligg i deler av eigedommen. Kommunen har saman med grunneigarar i området stifta eit utbyggingselskap, Strupa – Gravset Hyttefelt AS der kommunen sin eigarandel er 5/23-del.

Kommuna sitt framtidige eigarskap til Båstø må sjåast i samanheng med kva for reguleringsføremål kommuneplan har sett for bustadtunet på Båstø, – «Tenesteyting – Friluftshøgskule», kommuna ei rolle som likeverdig grunneigar i utvikling av hyttefeltet Strupa, og kva for investerings- og vedlikehaldsbehov eigedommen har framover. Det er eit mål å få avklart kommunen si rolle i høve eigedommen i løpet av 2015-2017.

Gjennomføring av overnevnte tiltak vil underbygge overordna mål forankra i kommuneplanen samfunnsdel kva gjeld utbyggingsstrategi, butilbod, næringsliv, miljø og tema «Samferdsel og kommunikasjon».

6.2 Mål for trafikktryggleik

Trafikktryggleiksplanen er eit styringsverktøy for prioritering og tiltak for planperioden 2010- 2015. Årleg vert handlingsdelen gjennomgått. Kommunen ønskjer å vere proaktive med trafikktryggleiksarbeidet og har som mål å starte rullering av sjølve planen i 2015 slik at nytt kommunestyret kan vedta ein ny revidert plan for perioden 2016-2019. Det er ønskeleg å få synleggjort kommunen sine behov i høve gang- og sykkelveg langs RV 52 jfr. tidlegare uttaler til Buskerud Fylkeskommune og Statens Vegvesen. Ein ser også behov for å vere meir aktiv ovafor overordna mynde kva gjeld oppfølging av «Handlingsplan for Riks- og Fylkesveg», jfr. dei uttaler kommunen alt har gjeve.

6.3 Mål for befolkning og folkehelse

Det er mange forhold som verkar inn på helsa vår som korleis vi bur, livstil, trivsel, tilhøyret, om ungane trivs i barnehage og skule, om vi har meningsfylt arbeid med gode kollegaer, meningsfylt fritid, gode natur og kulturopplevingar, gode offentlege og private tenester og ikkje minst ei god fysisk og psykisk helse. Alle har ut i frå sine moglegheiter og føresetnader ansvar for eigne val og å hjelpe andre for gode liv.



God folkehelse blir mellom anna skapt gjennom god samfunnsutvikling. Samstundes er folkehelse ein viktig faktor for god utvikling

Hemsedal kommune har utarbeidd ein planstrategi der **folkehelse** har eit overordna perspektiv. For å koordinere tverrfagleg og tverretatleg samarbeid innan folkehelse har kommunen etablert ei ressursgruppe innan folkehelse, og for å koordinere dette arbeidet er det peika ut ein person som er kommunen sin folkehelsekoordinator.


HVA ER FOLKEHELSEARBEID?

- **folkehelse:** befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning
- **folkehelsearbeid:** samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte

I dette perspektivet har rådmannen sett som mål at det i all overordna planlegging skal gjerast ei vurdering av kva for tiltak som kan fremje ei positiv utvikling for folkehelsa generelt, og som kan jamne ut eventuelle sosiale helseforskjellar i bygda. Tiltaka skal vere tufta på kunnskap og systematisk arbeid. Dette føresett både tverretatleg, og regionalt samarbeid. Et effektivt folkehelsearbeid handlar om bevisstgjøring på alle nivå, og ikkje minst systematisk informasjon og kunnskapsutveksling mellom alle parter. I

2014 har eit av målet å identifisere faktorar i Hemsedal som påverkar risikoen for «hyppighet» i befolkninga (negativ/ positiv helseeffekt), og nytte denne kunnskapen i langsiktig førebyggande

arbeid. I tillegg til folkehelseprofil, lokal kunnskap, anna statistikk for å skaffe seg informasjon om helsetilstand og påverknadsfaktorar. Våren 2014 vart det gjennomført Ungdataundersøking i Hemsedal og i Hallingdal. Undersøkinga gir ein god oversikt over områda trivsel, helse, tobakk og rus, skule og framtid, fritid, risikoåtferd og vald, og foreldre og venner. Rapporten vil føreligge i oktober /november. Hemsedal må i løpet av 2015 ha på plass eit oversiktdokument som gir ein oversikt over folkehelseutfordringane i kommunen.



Ut i frå folkehelseprofilen har Hemsedal har få eintydige folkehelseutfordringar. Hemsedal har lågare tal på personar med uføretrygd. Det er mindre bruk av medikament, og det er færre som har livstilsjukdommar. Det er fleire med låg inntekt og Hemsedal har fleire med personskadar som blir behandla i sjukehus.

Samstundes veit ein at utviklinga i samfunnet fører med seg ei endring av sjukdomsbilete,- eit forhold også Hemsedal er ein del av. Sosiale helseskilnader er eit produkt forskjellar i ressursar, levekår, oppvekstmiljø, arbeidsliv og fritid. Det er viktig at det blir jobba førebyggjande med trivsel og helsefremjande tiltak, tiltak for å betre levekår for alle grupper, samt gje gode lærings- og meistringstilbod for personar som har helseutfordringar. Det er viktig at det blir jobba med barns levekår og omgjevnader i oppveksten, då dette har innverknad seinare i livet

Hemsedal gjer i dag mye bra for å fremme aktivitet, trivsel og livskvalitet for innbyggjarane. Hemsedal har mange lag og organisasjonar som skapar gode arenaer for fysiske og sosiale aktivitetar. Prosjektet «Hemsedal – Norges sprekeste bygd» er eit samarbeid mellom Hemsedal kommune, Hemsedal Turisttrafikklag, Hemsedal Idrettslag, Hemsedal Skiforening og Hemsedal Turlag, som er den lokale foreninga av DNT.

- Partane har underskrive på ein forpliktande Partnerskapsavtale for folkehelse
- Satsingsområdet i avtala er:
 - Sosial ulikhet i helse. Aktivitetar på den enkelte sitt nivå
- Visjonen i prosjektet er «Hemsedal - Norges sprekeste bygd»

I prosjekt Hallingdal lokalmedisinske tenester blir det jobba med prosjekt som er viktig innanfor folkehelsearbeid og førebyggjande arbeid.

- kompetansehevande tiltak for tilsette, som helsepedagogikk, kvardagsrehabilitering, og andre mindre kurs.
- utvikling av lærings- og meistringstilbod for innbyggjarane.
- Diabetesprosjekt
- Kols

- KID/KIB-kurs
- Pårørandeskuler
- Meir fysisk aktivitet inn i skulen
- Livslystkafe
- Ungdomslosen
- Styrking av brukarmedverknad
- Frisklivsløpet

Arbeidsmål:

- Utarbeide eit oversiktsdokument over folkehelseutfordringane i Hemsedal kommune.
- Jobbe vidare med ulike statistikkmateriale for å få eit godt grunnlag for å jobbe målretta med folkehelseutfordringar
- Kommunen skal ha ei auka fokus på barn og unge med tanke på førebygging, tidleg innsats koordinering og organisering.
- Det skal jobbast i tett samarbeid med grunnskule, NAV, OT og vidaregåande skule for sikre at alle får eit godt tilpassa utdanningsløp
- Mållretta arbeid for god og likeverdig helse i heile befolkninga.
- Kommunen skal motivere og legge til rette for sosial og fysisk aktivitet og friluftsliv for alle aldersgrupper
- Det må og jobbast målretta med tiltak ovanfor dei mest utsette gruppene.
- I planlegging og utviklingsarbeid skal det vere fokus på helse, trivsel og universell utforming
- Livsstilssjukdommar skal førebyggjast gjennom fokus på kosthald, rus, tobakk, psykisk helse, kultur og fysisk aktivitet, samt gode lærings og meistringstilbod.
- Kommunen skal gje tenestetilbod som brukaren i størst mogleg grad kjenner til, som skaper tryggleik, og der brukaren er aktivt medverkande.
- Tilrettelegging og utvikling av ski, -, tur og sykkeløyper er ein ønska strategi for å fremje fysisk aktivitet.
- Gode trafikktryggleikstiltak
- Alle er i fysisk rørsle kvar dag. aksjonar for gå/sykle til fritidsaktivitet/skule/arbeid.

6.4 Barn og unge

Barn og unge sin oppvekst er først og fremst familien sitt ansvar, men nærmiljøet, kommunen, frivillige lag og organisasjonar har eit viktig medansvar.

Det kommunale ansvaret for å gje barn og unge ein god oppvekst er fordelt på dei fleste etatar og einingar. Barnehage, skule, helsestasjon, helsetenesta og kultur- og fritidstilbod er tenester som retter seg mot alle barn og unge. Det å skape trygge leike- og friluft arenaer som skapar mangfald i aktivitetar og som kan samle barn, unge og vaksne i gode sosiale miljø er viktig i all arealplanlegging.

Alle barn og unge skal oppleve ein god oppvekst, ha høve til meningsfylte aktivitar og likeverdige moglegheiter til å oppleve meistring. Alle barn og unge skal ha utbytte av skulegongen både sosialt og fagleg. Ungdata og andre undersøkingar viser at det er barn og unge som på ulike områder har utfordringar og opplever at oppveksten ikkje er god. Kvart einskild barn som opplever dette er eit barn for mykje.

Alle tenesteområda har fokus på førebygging og tidleg innsats. Det blir jobba med tverrsektoriell samhandling og det er fokus på å ha tilsette med nødvendig kompetanse slik at kommunen kan gje gode

tenester. I regi av prosjekt Hallingdal lokalmedisinske tenester og vidaregåande skular er det satt gong eit prosjekt- Ungdomslos, der miljøarbeidarar er tilstades ved dei vidaregåande skular. Vi ser og at det er ein føremon at skulehelseteneste, psykisk helseteneste, fritidsleiar og miljøarbeidarar/sosiallærar er tilstades i skuletida og fritid.

Kommunen har ansvar for å yte gode tenester til barn og unge med samansette behov. Det er derfor viktig å jobbe tverrsektorielt med barna og familiane deira på ein god måte, og sørgje for at vi har tilstrekkeleg kompetanse til å gje den hjelpa kommunen har ansvar for å gje i samsvar med lovverk og retningslinjer. Det er eit mål at det raskt blir sett i verk tiltak når det blir avdekt eit behov for koordinerte tenester.

Det er i Hemsedal sett i verk ei rekkje tiltak som det er viktig at blir både implementert i alle einingar og vidareført på lang sikt.

- Barn i rusfamiliar
- Kjærlyhet og grenser
- Foreldrerettleiing, ICDP og godt samliv
- FUA
- Lek
- Mobbemanifest
- Relasjonskulen
- Felles Løft
- Ny Giv

Felles arbeidsmål for alle etatar

- God psykisk helse blant barn og unge.
- Styrke foreldrerolle, foreldresamarbeid og foreldreengasjement.
- Arbeide for at barn og unge uansett etnisitet opplever ein god eigenverdi, eit tolerant og inkluderande oppvekstmiljø med trygge rammer.
- Arbeide etter prinsipp om tidlig innsats på alle alderstrinn med fokus på meistring
- Betre tverrfagleg og tverrsektoriell innsats i arbeidet med barn og unge.
- Barn, unge og foreldre opplever gode og trygge oppvekstarenaer med meiningsfylte aktivitetar
- Redusere fysisk inaktivitet blant barn og unge
- Redusere omfang av barn og unge med vektproblematikk.
- Redusert bruk av tobakk, rusmidler og vekstpreparat blant barn og unge.

6.5 Ålmenn kultur

Lag og organisasjonar er den viktigaste kulturutøvarer i Hemsedal. Hemsedal kommune er derfor avhengige av eit godt samarbeid med desse. Utfordringa er å skape gode sosiale, kulturelle møtearenaer og høve til fysisk aktivitet for dei som treng spesiell tilrettelegging eller som ikkje ynskjer /kan delta i det organiserte tilbodet.

- Hemsedal kommune må syte for at kommunale kulturbygg og anlegg er i god stand til bruk for lag og organisasjonar.
- Hemsedal kommune må ha ei god tilskotsordning for drift av lag og organisasjonar. Størstedelen av tilskotet vert fordelt til barne og ungdomsarbeid i tråd med retningslinjene. Det vert også gjeve tilskot til prosjekt, arrangement og ålmenn kultur.

- Hemsedal kommune yter hjelp og informasjon ved finansiering av anlegg med spelemidler.
- Hemsedal kommune deler ut kulturpris/stipend til lag/organisasjonar eller enkeltpersonar som har utmerka seg spesielt i kulturarbeidet.

Den kulturelle spaserstokk - Dette er ei gruppe samansett av representantar frå Hemsedal pensjonistlag, Hemsedal eldreråd, Historielaget, Frivilligsentralen, Helse og omsorg samt Kultur og oppvekst.

Det vert i løpet av året arrangert stølstur, haustfest og konsertar på Bygdaheimen og i biblioteket. I tillegg er det song og musikk kvar veke for bebuarane på Bygdaheimen. Målet er å sørgje for profesjonell kunst og kulturformidling av høg kvalitet til eldre. Hemsedal kommune held fram med å søkje om midlar til «Den kulturelle spaserstokk». (Tilskot til DKSS er noko redusert – filmdagar utgår)

Kultursalen - Kommunestyret gjorde i budsjettsaka 2012 vedtak om Oppgradering av kultursalen. Oppgradering av kultursalen startar januar 2015 og er planlagt ferdigstilt innan juni 2015. Dette er noko seinare enn fyst planlagt, men pga ingen tilbod i opprinnelig tidsplan vart arbeidsgruppa nødt til å endre tidspunkt. Finanisering ved hjelp av lånemidlar og spelemidlar.

Kyrkja og øvrige trussamfunn/livssynsorganisasjonar er viktige kulturbærarar i Hemsedal. Alle trus- og livssynssamfunn får same tilskot pr medlem. Det vert utbetalt til 19 forskjellige organisasjonar.

Hemsedal Bygdearkiv – Hemsedal Historielag driftar på vegne av Hemsedal kommune Bygdearkivet. Dei tek vare på historia om Hemsedal. Både bilete, film og nedskrevet materiale. På nettsida Digitalmuseum.no er det lagt ut ca. 2000 bilete frå Hemsedal.

Stadnamngruppa – bidreg med nye namn til alle vegar i samband med adresseringsprosjektet. Alle vegar i bustad og hytteområder skal ha vegnamn og skilting. Stadnamngruppa samarbeider med stadnamnkonsulenten og kartverket. Historielaget vil i 2015 starte med ei revidering av kartverkets database over namn i Hemsedal og kvalitetssikre desse. (skrivemåte og plassering på kartet.)

Hallingdal Museum - Samarbeidspartner som tek spesielt vare på Hemsedal bygdatun. Det er laga eigen skjøtselsplan for Hemsedal Bygdamuseum. Hallingdal museum har som mål og bli ein del av Buskerud museene. Dei er i ein konsolideringsprosess no – samling av musea i Buskerud til ein organisasjon for drift av musea. Der målet er å få fleire statlege kroner til å oppretthalde og utvikle museumsdrifta.

Buskerud Teater – Tidlegare Hallingdal teaterverkstad som yter hjelp til teaterarbeid i skule og i frivillige lag og organisasjonar.

Kulturkoordinator – Samarbeidsprosjekt for heile Hallingdal for å auke samarbeid mellom kulturinstitusjonar i Hallingdal og auke samarbeid mellom kultur og reiseliv i Hallingdal. Erfaring i to år no viser at samarbeid på tvers i Hallingdal gjev gode opplevingar for både utøvarar og publikumarar.

Kulturkoordinator er også den som har søkt om eksterne midlar og fått tilsagn til prosjekt som heile Hallingdal har nytt godt av. Konsertserien Fjellklang og prosjektet De unges arena DUA. (Kompetansehevingsprosjekt for kulturskule og fritidsleiarar.)

6.6 Beredskapsarbeid

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta vare på befolkningas sikkerheit og tryggleik innafor sine geografiske områder. 1. januar 2010 trådde ein ny lov med tilhøyrande forskrift i kraft. Det nye i loven er at kommunen er pålagt ein generell beredskapsplikt, noko dei tidlegare ikkje har hatt. Det er eit krav om at kommunen førebur seg på uønska hendingar på fleire områder. Den kommunale beredskapsplikten pålegg midlertidig kommunen ein sektorovergripande kommunal beredskapsplikt, som skal bidra til at kommunen vurderer og planlegg samfunnssikkerheit og beredskap i eit meir fullstendig perspektiv. Grunnlaget for beredskapsarbeidet i kommunen skal være ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse, der kommunen kartlegger dei uønska hendingane som kan inntreffe, vurderer sjansen for at slike hendingar skjer og korleis slike hendingar vil kunne ramme lokalsamfunnet. Med utgangspunkt i analysen skal kommunen utarbeide ein overordna beredskapsplan. Det er også ein føresetnad at analysen leggas til grunn for og integreras i kommunale planprosesser.

Mål for kommunen sitt beredskapsarbeid 2015:

- Utarbeide en overordna ROS-analyse
- Årleg oppdatering og revidering av overordna beredskapsplan
- Gjennomføre ei øving
- Jobbe for eit godt samarbeid med dei andre Hallingdals kommunane og andre eksterne aktørar.
- Setje fokus på sektorovergripande samarbeid og planlegging i kommunen og gjere beredskapsarbeidet til ein del av etatanes planlegging og rutinar

7 FOKUSOMRÅDE ARBEIDSGJEVARSTRATEGI

Hemsedal kommune sitt overordna mål er at vi gjennom samhandling skal ha ein heilskapleg arbeidsgjevarstrategi som gir positive, trivelege og meningsfylte arbeidstilhøve.

Ein god arbeidsgjevarpolitikk er viktig for vårt omdømme. Det er viktig å forvalte og ta vare på vår eigen arbeidskraft på ein god måte, da kan vi få ein stabil arbeidsstokk og eit høgt nærvær. Dette krev eit inkluderande og heilskapleg leiarskap som igjen vil skape dyktige medarbeidarar, som vil yte sitt beste i tenesteytinga overfor innbyggjarane.

7.1 Mål for arbeidsgjevar

Nærvær «Det er viktig å bry seg om og ta vare på kvarandre»:

Hemsedal kommune har generelt eit lågt fråvær, og ligg godt under landsgjennomsnittet.

Hemsedal kommune sitt mål er å klare og halde sjukefråværet så lågt som mogleg. Det skal jobbast aktivt for at fråværet ikkje skal overstige 6 %, dvs. ein nærværs prosent på 94%.

Utviklande organisasjon:

Hemsedal kommune skal ha ein open organisasjon slik at dei tilsette, som er kommunens ressurs, kan få rom til utvikling og innflytelse slik at kommunen kan vera ein nyskapande organisasjon.

Kompetanse:

Vår primæroppgåve er å yte gode tenester ovanfor våre innbyggjarar, dette krev kompetente og fleksible medarbeidarar. Kommunen har brei erfaring og kompetanse i organisasjonen, men auka velstand i samfunnet skapar auka forventningar til kommunen. Det er viktig at kommunen har ein plan som viser «framtidige behov». Denne planen vil bli ein del av kommunens arbeidsgjevarstrategi, og målet er at arbeidet skal bli ferdig i løpet av hausten 2014. Målet for 2015 er å gjennomgå og vedta ny reglement på dei viktigaste områda innanfor arbeidsgjevarstrategien.

Medverknad:

Dialog og samarbeidsmøte mellom administrasjon og tillitsvalde, min 2 stk. pr. år.

Kartlegging:

Kommunen har lisens på kartleggingssystemet «www.bedre.kommune.no». Målet er at vi i løpet av 2015 gjennom å bruke systemet kan få fram aktuelle indikatorar som vi kan rapportere på for dette fokusområde (uønska deltid, medarbeidartilfredshet, medverknad.)

8 TENESTEOMRÅDE OPPVEKST

Kapitlet omhandlar oppvekst- og kulturområdet. Oppvekst er definert som oppvekstsentra Tuv og Ulsåk, Hemsedal barne- og ungdomsskule (HBU) og vaksenopplæringa. Kultur omhandlar musikk- og kulturskulen, bibliotekenesta, fritidsklubben og ungdomsrådet. Tenesteområdet omfattar totalt 90,78 årsverk fordelt på vel 100 tilsette. Tilkallingsvikarar, Vaksenopplæringa samt PPT og Ot er ikkje medrekna. I Handlingsprogram for 2015-2018 er det skissert fire overordna målsetjingar for sektoren. Kvar av verksemdene bryt desse ned til arbeidsmål. Arbeidsmåla seier kva som skal liggje føre når arbeidet er ferdig.

8.1 Overordna mål for sektoren

- Bygningsmasse som tilfredsstillar krav til godt arbeidsmiljø for barn og tilsette
- Ha tilsette med tilstrekkeleg kompetanse til å utføre dei oppgåver som stillingar krev
- Utarbeide kvalitetssystem som sikrar at kommunen fylgjer pålegg i lov og forskrift
- Nytte ressursane vi har til rådvelde på best mogleg måte for å ta hand om dei oppgåver vi får frå kommunale- og statlege organ

8.2 Barnehagane i Hemsedal

Status KOSTRA:

Barnehagane i Hemsedal blir drifta godt når vi ser på netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner. Vi må ta omsyn til utbyggingskostnader i form av avskrivning som har medført auka driftskostnader dei siste åra. Dette vert synleggjort under *Prosentvis fordeling av utgifter på enkelte tiltak*. Vi har høg dekningsgrad samanlikna med andre kommunar. Dette er viktig i ei vekstkommune. Sjølv om tala for 2013 syner at vi ikkje har nok tilsette med godkjent utdanning, veit vi at situasjonen for barnehageåret 2014-2015 er langt betre.

C. Barnehager - nivå 2	EKG02							
	0618 Hemsedal 2013	0618 Hemsedal 2012	0618 Hemsedal 2011	Kostragrup pe 02 2013	0616 Nes 2013	0617 Gol 2013	0619 Ål 2013	EAK Landet 2013
Prioritering								
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	13	12,9	12,3	11,7	7,8	9,9	10,8	14,4
Netto driftsutgifter til barnehager per innbygger	8094	7943	6829	6661	4694	5716	6396	7453
- herav avskrivninger (i prosent)	4,7	5	3,6	2,4	1,3	1,6	4,2	1,5
Brutto investeringsutgifter til barnehagesektoren per innbygger	0	43	3181	836	0	523	1458	358
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	123013	113974	99451	116218	111517	111688	119142	120339
Produktivitet								
Korrigerte oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager	11218	11506	11651	10771	11615	10496	10487	11492
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	165421	144815	130411	162560	145421	146807	153598	164349
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr)	54	49	46	56	50	52	55	54
Kommunale overføringer av driftsmidler til private barnehager per korrigert oppholdstime (kr)	28	..	34	43	39
Utdypende tjenesteindikatorer								
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	27,5	32,6	22	32,1	25,5	34,4	28,1	33,7
Andel ansatte med annen pedagogisk utdanning	5,9	2,3	4,9	3	5,5	7,3	0	3,9
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	62,5	86,7	64,3	85,4	68,4	82,1	89,3	87,3
Andel pedagogiske ledere med annen pedagogisk utdanning	14,3	0	8,3	4,2	23,1	0	0	5,2
Andel assistenter med barne- og ungdomsarbeiderfag, barnehagelærer- eller annen pedagogisk utdanning	24	17,4	12,5	39,7	12,5	13,9	25	28,5
Andel ansatte menn til basisvirksomhet i barnehagene	2,4	5,3	5,3	4,1	4,7	1,3	5,9	8,7
Korrigerte oppholdstimer per årsverk til	12460	12141	12593	11889	12047	12908
Prosentvis fordeling av utgifter på:								
Funksjon 201 - Opphold og stimulering Enhet : Prosent	79,5	81,9	85,8	84	89,8	93,5	77,4	82,5
Funksjon 211 - Tilrettelagte tiltak Enhet : Prosent	5,8	4,5	2,4	6,5	2,7	5	10,6	9,7
Funksjon 221 - Lokaler og skyss Enhet : Prosent	14,7	13,5	11,8	9,4	7,5	1,5	12	7,8

8.2.1 Arbeidsmål for barnehagane 2015

- Gode framtidige barnehagebygg, bygd for formålet

Det hastar å få på plass endeleg framtidig barnehage- og skulestruktur, på grunn av at barnehagane har to særdeles gamle og ueigna bygg, (Geiteberget og Krikken), og ei midlertidig avdeling (Nibbi). Desse avdelingane må erstattast av nybygg.

Per dags dato er stoda slik:

Tuv: Har tre avdelingar, der ein er småbarnsavdeling (1-2 år) og to er store avdelingar (barn frå 3-5 år). To er utvida – inntil 24 plassar. Bygningsmassen: Den er bra, men treng noko vedlikehald på dei store avdelingane. Uteleikeplassen: Her trengs det strukturendringar i høve til barn sin alder, til dømes eit eige område for dei aller yngste.

Ulsåk: Har fem avdelingar, der ein er småbarnsavdeling, ein er mellomavdeling (1-3 år) og desse er utvida – inntil 24 plassar, og tre store avdelingar. Bygningsmassen: dei to «minste» avdelingane er nye, men det trengs tre nye «store» avdelingar, i og med at den eine ligg midlertidig i skulebygget, og dei to andre er i svært dårleg stand. Uteleikeplassen: Her trengs utstyr/apparat for meir innbydande leik.

- Tilstrekkeleg ressurs:

Tidleg innsats: I og med at me har vore gjennom ei kompetanseheving (Felles løft – tidleg innsats),

resulterer dette i at me tidlegare kan oppdage dei barna som treng ekstra støtte. Me har ei generell styrkingsstilling i kvar barnehage, og denne er viktig for å klare å gje barna det dei treng. Ein bør ha minimum 30% spesialpedagog per 18 plassars avdeling (dvs. 40% på utvida avdeling). Målet er at ressursen står i høve til behovet.

Naturbase Tuv og Ulsåk, gjenoppretting av stilling: Gjenoppretting av 60% stilling som naturbaseleiar. Denne stillinga vart lagt ned då avdeling Åne vart oppretta. Dette har ført til at naturbasen har vore drive som ein del av grunnbemanninga, og det er då vanskeleg å gjennomføre. På grunn av stort barnetal i Ulsåk barnehage, har ei 50% naturbasestilling vorte omdisponert til administrasjonsressurs jf. krav i barnehagelova. Ulsåk barnehage manglar difor også ei 60% naturbasestilling.

Administrasjonsressurs: Det at ein har auka med 50% meir styrarstilling på Ulsåk, gjer at den er tilstrekkeleg på Tuv og Ulsåk. Det er viktig å ha nok ressurs.

- KUPP – «Kompetanseutvikling i pedagogiske prosessar», og dette er ei vidareføring av felles løft. Målet er å få det innarbeidd i alle ledd. Tema for i år er *Barnehagens psykososiale miljø – vaksne skapar venskap*, noko som er i tråd med Manifest mot mobbing.
- Styrarutdanning: Begge styrarane er i gong med nasjonal styrarutdanning, og skal etter planen vere ferdig med denne i desember 2015.
- Ha/halde på tilsette i barnehagen med naudsynt kompetanse
 - personale med barnehagelærarutdanning
 - spesialpedagogisk utdanna personale, mellom anna logoped
 - at alle assistentar etter kvart vert barne- og ungdomsarbeidarar

- Kompetanseheving

Det er viktig å motivere dei tilsette til å bli i yrket, og helst i same barnehage over tid. Då vil det vera enklare å utvikle god kvalitet.

Vi må jobbe for å få dette inn i ei kompetanseplan for kommunen. I påvente av kompetanseplanen, har me laga ei tidsavgrensa avtale for å motivere personalet til å anten starte eller fullføre utdanning/kompetanseheving. Dette har ført til at fleire av personalet no er inne i barnehagelærarutdanning, og ein person har auka kompetanse innan spesialpedagogikk.

- Plass til alle søkjarar ved hovudopptak

Kva slags tilbod vil kommunen gje sine innbyggjarar? Regjeringa sitt krav er at alle barn som har fylt eitt år før 1. september gjeldande barnehageår, har rett på plass. (Ot. Prp. nr 52.) Barn fødte etter denne dato har like stort behov for barnehageplass etter at foreldrepermisjonstida er ute. Det er viktig at det blir gjeve klare politiske signal om kva slags tilbod Hemsedal kommune skal gje sine innbyggjarar. Ei mogleg løysing er å fortsetja med det tilbodet vi har i dag, med inntak heile året ved ledig kapasitet.

8.3 Grunnskulen i Hemsedal


Handlingsprogrammet viser tiltak på bakgrunn av årsmelding 2013 og drøftingar i etaten.

Elevundersøkinga, nasjonale prøver, fullføring av grunnskoleopplæringa og vidaregåande opplæring samt tiltak innan pedagogisk- og psykososialt satsingsområde gir bakgrunn for dei tiltak skulane set i verk og er viktig grunnlag for drøfting.

KOSTRA gjev eit bilete som viser utvikling i skulen over ein treårs-periode.

D. Grunnskoleopplæring - nivå 2	0618	0618	0618	EKG02	0616	0617	0619	EAK
	Hemsedal	Hemsedal	Hemsedal	Kostragruppe 02	Nes	Gol	Ål	Landet
	2013	2012	2011	2013	2013	2013	2013	2013
Prioritering								
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i % av samlede netto driftsutgifter	23,4	24	25,4	24,9	20,8	21,3	25,5	23,5
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), i % av samlede netto driftsutgifter	19,2	19,5	20,4	19,9	17,9	18,3	20,2	18,5
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), i % av samlede netto driftsutgifter	0,4	0,5	0,7	0,3	0	0,3	0,2	0,4
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), i % av samlede netto driftsutgifter	3,1	3,3	3,6	3,9	2,3	2,3	4,2	4,3
Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), i % av samlede netto driftsutgifter	0,7	0,7	0,7	0,8	0,6	0,5	0,9	0,4
Netto driftsutgifter grunnskolesektor per innbygger								
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger	14631	14733	14092	14246	12455	12312	15101	12174
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger	12011	11963	11290	11366	10742	10550	11948	9549
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger	231	330	384	188	-11	164	133	185
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger	1954	2017	2003	2248	1367	1323	2467	2207
Herav avskrivninger til skolelokaler (222), per innbygger	554	568	558	631	293	212	897	516
Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger	435	424	415	444	357	275	553	232
Netto driftsutgifter grunnskolesektor per innbygger 6-15 år								
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	117818	114570	106427	114254	107812	99329	115541	100621
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	96719	93024	85268	91152	92982	85113	91414	78931
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	4963	7480	7917	3979	-243	3253	2526	3833
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år	15733	15685	15129	18033	11834	10674	18873	18242
Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år	3502	3297	3132	3559	3088	2221	4232	1917
Netto driftsutgifter voksenopplæring								
Netto driftsutg. til voksenoppl. (213), i % av samlede netto driftsutg.	0,1	0,2	0,1	-0,1	0,3	0,1	-0,3	0,4
Netto driftsutgifter til voksenopplæring (213), per innbygger	92	97	81	-29	174	45	-167	192
Dekningsgrader								
Andel elever i kommunens grunnskoler, av kommunens innbyggere 6-15 år	107,7	109,6	104,6	99,3	93,7	100,4	102,9	96,4
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	5,3	7,7	7,3	3,6	6	11,6	6,5	7,5
Andel elever i grunnskolen som får morsmålsopplæring	0	0	0	0,5	0	0	1,2	2,9
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	10,3	8	6,7	10,1	10,9	10	14,8	8,3
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	8,6	4,6	5,8	7,1	8,2	5,7	10,1	5,3
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	8,6	8,5	9,8	11,8	7,9	14,9	22,7	9,7
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	14,1	11	5,3	12,2	16,8	11,3	12,6	10,7
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	22	13,2	16,5	19,3	23,5	15,9	24,8	17,6
Skolefritidstilbud								
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO	67,3	58,2	62	43,6	45,4	22,3	56,6	60,9
Andel elever i kommunal SFO med 100% plass	45,8	40,4	19,4	32,4	20,3	17,3	23,4	56,9
Utdypende tjenesteindikatorer								
Elever per kommunal skole	100	104	105	135	184	190	129	221
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. årstrinn	9,4	10,9	11,1	11,8	10,7	13,2	10,5	13,7
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4. årstrinn	6,6	8,5	9,8	11,3	10,5	15	10	13,6
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7. årstrinn	11,5	11,1	9,8	11,4	11	12,2	10,1	13,1
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn	12,2	13,5	14	12,8	10,6	12,5	11,6	14,4
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring	97,3	100	95,8	98,5	96,4	96,8	95,6	97,8
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	41,9	39,8	38,1	..	41,2	40,7	40,6	40

Grunnskolen i Hemsedal har høy kvalitet med gode resultat etter endt grunnskule. Vi ligg høgast i Buskerud med fullført vidaregåande skule. Vi har ein høg del av elevane som går direkte over i vidaregåande opplæring. 2013 viser også gode resultat på grunnskulepoeng.



Kilde: SSB/Kostra

Diagrammet over bygger på data frå dei kommunale grunnskulane i Buskerud og viser netto driftsutgifter per elev. Tala Fylkesmannen legg til grunn er GSI 2013-2014 og KOSTRA 2012.

Siste tre åra viser ein auke i spesialundervisning. I KOSTRA ser vi kor stor del av lærartimane som går til spesialundervisning. Administrasjonen har sett inn tiltak gjennom større fokus på tett oppfølging innanfor tilpassa opplæring. Det krev at ein gjer organisatoriske endringar og at klassane ikkje er for store. Ressursen i klassen kjem alle til gode.

Hemsedal kommune må utarbeide lokale læreplanar. Desse skal synleggjere korleis ein kan tilpasse opplæringa og med det ta vare på det pedagogiske behovet for alle elevar. Arbeidet er påbegynt og skal vera avslutta våren 2015.

Opplæringslova har vorte meir tydeleg på krav til skulen for å gjennomføre pedagogiske og organisatoriske tiltak. Jf. Opplæringslova §5.4 *Skolen skal ha vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringsstilbødet med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbytte før det blir gjort sakkunnig vurdering.*

Skulen treng lærarar og administrativ leining med høg relasjonskompetanse og fagleg dugleik. Vi har i dag to rektorar og ein inspektør inne i staten sitt opplæringsprogram for leiarar. Fem lærarar er i vidareutdanning der vikarkostnaden vert finansiert av statlege midlar. Kommunen betalar reise, bøker og opphald for dei som er i utdanning.

Når vi skal kartleggje kompetansen i kommunen, vil vi ha søkelys på kva fag vi treng og korleis vi skal kunne utdanne, rekruttere og halde på tilsette. Det vil bli stort behov for lærarar i framtida. Rekruttering av nyutdanna lærarar vert ei utfordring for heile landet. Vi må gjennomføre fleire tiltak for å nå opp i konkurransen om dei dyktige pedagogane i tida som kjem. Vi vil ha fokus på kvalitet. Det gjer oss attraktive som arbeidsplass for søkjarar.

Vi har stor aktivitet i grunnskulen der vi er med på fleire viktige prosjekt. Prosjektet *Relasjonsskolen* er inne i sitt 2. år med fokus på relasjonell kompetanse i alle ledd. HBU er med på prosjekt *Vurdering for læring og Ungdomstrinnssatsinga* som er initiert av direktoratet. Desse prosjekta er med på å dyktiggjere personalet og setje fokus på kvalitet for elevane på 1.-10.- trinn. *Felles Løft* omhandlar trygg overgang frå barnehage til skule. Vi kan også nemne *Barn i rusfamiliar* og *Kjærlighet og grenser* som er tverretatlege samarbeidsprosjekt.

Hemsedalskulane låg for nokre få år på topp i pc per elev. I dag slit vi med å ha nok kapasitet både med hardware og software. Bruk av digitale verktøy er eit krav i læreplanen i alle fag på alle trinn. For å kunne vere på høgde innanfor IKT bør t.d. alle elevar i ungdomsskulen ha tilgang på berbare pc'ar 100 % av undervisningstida samt at det er nok klassesett på småskuletrinna til å drive effektiv opplæring. Den teknologiske utviklinga krev at skulen heng med. Bruk av interaktive tavler og eventuelt nettbrett er vanleg i klasserom i dag. Dette er svært gode hjelpemiddel for tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Frå hausten 2014 vart 10. trinn innlemma i valfag. Då er alle ungdomstrinna med i valfagsatsinga. HBU har ikkje kunna sett i gang med så mange tilbød som kunne vore ynskjeleg. Ved å organisere i fag og

emner, har dei fått til eit best mogleg tilbod innanfor ramma.

Plassmangelen ved skulane vert nøye drøfta i saka om barnehage- og skulestruktur i Hemsedal.

Det er logopedmangel i Hallingdal. Fleire av Hallingdalskommunane samarbeider med å leige inn logoped frå Oslo. Vi har også gjort oppdragsavtale med logoped i Lærdal. Dette er sårbart.

1. Arbeidsmål for grunnskulen 2014

- Følgje opp og vidareføre prosjekta og satsingsområda: Relasjonsskulen, Ungdomstrinnssatsinga, Vurdering for Læring, forsering for 10. trinn, Felles Løft overgang, Begrepsundervisning, Barn i rusfamiliar og Kjærlighet og grenser. Skulane skal med bakgrunn i desse prosjekta i sin praksis arbeide for
 - Eit godt psykososialt miljø.
 - Elevar og foreldre skal oppleve skulen som ein trygg og god læringsarena som set likeverd og toleranse for at vi alle er ulike i sentrum. Tilsette skal nytte tileigna kompetanse frå *Relasjonsskuleprosjektet* inn i arbeidet med klasseleiing og elevsamtale.
 - Kva er ein god relasjon, korleis oppnår ein den, kven har ansvaret og korleis kan ein betre gode relasjonar på alle nivå, er viktig for alt relasjonelt arbeid.
 - Rektorane og inspektør deltek i programmet *Stopp mobbing* med etterfølgjande kunnskapsoverføring i verksemdene og implementering i handlingsplanar.
 - Bruk hue* med fokus på digital mobbing hausten 2014. Satsinga held fram med samarbeid og vitjing av *Mobbeombudet i Buskerud* våren 2015. Effekten av tiltak skal synleggjerast i undersøkingar. Dette vert lagt fram for SMU (Skulen sitt miljøutval).
 - Signering av *Manifest mot mobbing* skal synleggjere barnehagane og skulane sin kamp mot mobbing samt at dette omhandlar å gjere alle i lokalsamfunnet medvite om eige ansvar.
 - Vurdering for læring* skal gi meir eksakt undervegs melding, framovermelding og medvirke til betre målarbeid. Prosjekt mål er utarbeidd.
 - *Plan for begrepsopplæring* skal inn i ein kommunal språkplan som vedlegg til kommunal plan for *Overgang mellom barnehage og skule*.
 - Prosjekt *Barn i rusfamiliar* skal føre til at alle tilsette får auka sin kompetanse i å identifisering og setje i verk tiltak for barn. Vi veit at skulen og lærarar er den yrkesgruppe som møter alle barn kvar dag. Den innsikt og forståing dei har i høve barn som lever i familiar med rus eller vald, kan få avgjerande betydning for eit barn. Handlingsrettleiar er under arbeid. Informasjonen skal ut til innbyggjarane gjennom kommunen sine heimesider. Sluttevaluering vert gjennomført ved prosjektavslutning.
 - *Kjærlighet og grenser* skal gjennomførast i samarbeid med helsestasjon. Erfaringane frå fyrste gong dette blei gjennomført, gjer at prosjektet er flytta frå 7. til 8. klasse. Kontaktlærar skal kursast i gjennomføring av prosjektet.
- Oppretthalde det faglege nivået hjå tilsette
 - Skulane skal vere attraktive arbeidsplassar med fagleg og pedagogisk engasjement. Vert synleggjort i undersøkingar.
 - Innarbeide i Kompetanseplanen behovet for vidareutdanning av tilsette for å imøtekomme statlege krav til undervisningskompetanse i grunnskulen jf. Forskrift til Opplæringslova § 14-2
 - Nytilsette lærarar og assistentar vert oppdatert innanfor satsingsområda med eigne oppfølgingskurs slik at kompetansen blir verande i verksemda. Tidfesta i årshjul.
 - Det skal drivast pedagogisk fagutvikling mellom anna for å sikre god samanheng mellom barnehage og skule. Vert synleggjort i handlingsplan og i rapportar.
- Arbeide for at fleire elevar får tilfredsstillande opplæring innanfor tilpassa opplæring og med det

redusere talet på elevar med spesialundervisning.

Leggje til rette for nok delingstimar i skriftlege fag slik at elevane får oppfylt krav om målform.

Opplæringslova § 2-5 *Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid.*

Innføring av FYSAK – fysisk aktivitet og læring frå skuleåret 2014-2015 på 1.-4. trinn. Målet er å fremme varierte læringsmåtar gjennom å bruke fysisk aktivitet og leik.

- Ha eit forsvarleg system som sikrar at lovpålagte pålegg vert følgde, jf Opplæringslova med forskrift og Forvaltningslova. §9a og Kapittel 5 i opplæringslova skal gjennomgåast slik at kommunen har eit forsvarleg system for spesialundervisning og tilpassa opplæring samt skulen sitt fysiske og psykososiale miljø. Kvalitetssystemet skal sikre at alle tilsette ha oppdatert kjennskap til lovverk og handlingsplanar.

Ha eit forsvarleg system for Krise og Beredskap innanfor aktuelle scenario i skulen. Innarbeide dette i Kvalitetssystemet.

Gjennomføre *Tilstandsrapport for grunnskulen* gjennom årsmelding og handlingsprogram.

- Meir synleg informasjon på nettsidene. Utarbeide rutine for oppdatering av Hemsedal kommune sine nettsider. Ansvarsfordeling og innhald vert avklara.

8.4 Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa gjev tilbod om grunnskuleopplæring gjennom eit interkommunalt samarbeid.

Det ordinære tilbodet er eit fulltidstilbod som strekkjer seg over 2 år. Tilbodet dekkjer dei 5 obligatoriske faga som du må ha for å kunne søkje vidaregåande opplæring. Det er norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag. For framandspråklege som har svake forkunnskapar, gjer vi vedtak om eit 3-årig løp. Første året får elevane ekstra opplæring i norsk og grunnleggjande kunnskap i dei andre faga. I særskilte høve blir det vurdert om søkjarar treng eit forkurs i grunnleggjande ferdigheiter: lese, skrive, rekne, uttrykkje seg munnleg og digitale ferdigheiter. Dette er ferdigheiter du treng for å kunne følgje det ordinære opplæringsløpet.

Tilbodet rettar seg mot:

- Alle vaksne som ikkje har fullført grunnskule, ikkje har karakter i alle fag eller som treng betre karakterar.
- Framandspråklege som ikkje har grunnskule frå heimlandet (eller berre nokre år), eller som ikkje har dokumentasjon på grunnskule.
- Alle vaksne som har behov for å løfte sin basiskunnskap i eitt eller fleire fag. Kanskje ein manglar eitt fag, t.d. engelsk - fordi det ikkje var tilbod om engelsk då ein var ung.
- Vaksne som rett og slett har lyst til å lære meir.

Denne hausten er det 26 elevar som mottok grunnskuleopplæring. Hemsedal har ingen elevar med dette semesteret, men dette kan endre seg frå haust til vår.

Talet på deltakarar til grunnskuletilbodet har vore svakt aukande gjennom dei siste tre-fire åra. I 2010 vart det starta ei gruppe annakvart år. No startar Læringscenteret ny gruppe kvart år og har heile tida to grupper i gang samtidig.

8.4.1 Arbeidsmål for Vaksenopplæringa 2015

- Tilby dei vaksne elevane ei god grunnskuleopplæring og spesialundervisning.
- Finne dei beste møteplassane for denne gruppa elevar der vi kan informere, motivere og tilby undervisning som gir dei den kompetansen dei treng vidare i yrkeslivet.
- Syte for gode vilkår for norskopplæring for fleispråklege.
- Hjelpje våre nye landsmenn til å oppnå ei yrkesutdanning.
- Sikre eit differensiert tilbod som gir kandidatane opplæring på rett nivå gjennom eit treårig grunnskuleløp.

8.5 Hemsedal folkebibliotek


Biblioteket er ein uformell møtestad for fastbuande og tilreisande. Biblioteket har stor aktivitet og mykje besøk, og har i mange år hatt høgste utlånet pr. innbyggjar i Buskerud. Tala i diagrammet under er henta frå KOSTRA i tidsrommet 2005-2013. Høgt utlån medfører større slitasje og trong til fornying.

Biblioteket er skulebibliotek for Hemsedal barne- og ungdomsskule og har ansvar for drifta av biblioteka ved skulane på Tuv og Ulsåk.


I revisjonen av biblioteklova, med verknad frå 01.01.14, vert den fysiske og digitale møteplassfunksjonen og biblioteket sitt ansvar for formidling, understreka. I enno større grad enn tidlegare, krev dette at dei tilsette sin kompetanse på desse områda vert styrkt og halde ved like. Biblioteket har utfordringar når dei skal gjennomføre krav i revidert Biblioteklov. Den reviderte biblioteklova er teknologinøytral, dvs at dei tradisjonelle biblioteksamlingane vert sidestilte med e-medier. Tilbodet og etterspurnaden etter nye medier aukar raskt. Biblioteket må kunne tilby digitale medier parallelt med dei tradisjonelle. Dette utfordrande innanfor gjeldande driftsbudsjett.

I 2014 er biblioteket 10 år. Det ber preg av mykje bruk. I Temaplan for Bygdaheimen og HBU må også Biblioteket reknast med.

Diagrammet syner bokutlån frå Nes, Gol, Hemsedal og Ål folkebibliotek per innbyggjar i tidsrommet 2005-2013.



Diagrammet syner bokutlån av barnelitteratur frå Nes, Gol, Hemsedal og Ål folkebibliotek per innbyggjar 0-13år i tidsrommet 2008-2013.



8.5.1 Arbeidsmål for Hemsedal folkebibliotek 2015

- Hemsedal folkebibliotek skal vera ein kulturarena og drive aktiv formidling
 - Kvalitet, aktualitet og allsidigheit.
 - Aktiv formidlar av informasjon, kunnskap og kultur.
 - Biblioteket skal invitere til møter for samtale og debatt.
 - Formidling – arrangement og utstillingar for barn og vaksne.
 - Aktivitetar for nye hemsedøler – språkkafé, lesesirklar, utstillingar o.a.
 - Vidareutvikle Leseombod – Bok til alle.
 - Vidareføre samarbeidet med lag og organisasjonar i Hemsedal.
- Styrking av samarbeidet mellom bygdearkiv, bibliotek og museum for å sikre best mogleg innsamling, forvaltning og formidling av lokalhistorisk materiale.
- Leggje til rette for Livslang læring
 - Biblioteket skal vere ein fysisk og digital lærestad der tilsette har kompetanse til å imøtekome krava jf. revisjonen av Biblioteklova. Kompetansebehovet skal synleggjerast i kommunen sin kompetanseplan. Fullføre studieromprosjektet: supplere med møblar og it-utstyr og gjere biblioteket sitt tilbud til vaksne studentar betre kjend.
- Biblioteket skal leggje vekt på at tilboda skal ha høg kvalitet, vere aktuelle og allsidige med nytt tilfang av E-medier og vedlikehald av eksisterande biblioteksamlingar.
- 15% prosjektstilling. I revisjonen av biblioteklova, med verknad frå 01.01.14, er biblioteket si oppgave som fysisk og digital møteplass og lærestad, og biblioteket sitt ansvar for formidling sterkt framheva. Dette krev at dei tilsette sin kompetanse vert styrkt og halde ved like. I mange år har aktiviteten i biblioteket vore svært høg. Det har ikkje vore tid til kurs og etterutdanning. For å kome i gang med kompetansehevinga er det naudsynt å kunne setje inn vikar.
- E-medier. Den reviderte biblioteklova er teknologinøytral, dvs at dei tradisjonelle samlingane i biblioteket vert sidestilte med e-medier. Biblioteket må kunne tilby digitale medier parallelt med dei tradisjonelle.
- Samarbeid med skulane. Leseløftet 2010-2014 inngår som ein del av bibliotekutviklinga, der gode samarbeidsrelasjonar og former for lesetiltak skal vere ein del av bibliotekverksemda. Det blir viktig å få sett ned ei gruppe som gjennomgår samarbeidsrutinane mellom skule og bibliotek. Gjere det lettare å utnytte biblioteket sine ressursar i det pedagogiske arbeidet i skulane. Motivere barn og unge til å bruke nynorsk som skriftspråk i samarbeid med skulen.
- Samarbeid på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Nye former for samarbeid både mellom biblioteka, på tvers av offentlege etatar/forvaltningsgrenser, mellom bibliotek og aktørar i frivillig sektor og mellom bibliotek, arkiv

og musé, vil gjere biblioteket meir tilgjengeleg og synleg.

- Profilering og marknadsføring av biblioteket på heimesida til kommunen og kommuneposten. Biblioteket bør vidareutvikle si eiga heimeside også/fyrst og fremst.
- Hemsedal Folkebibliotek har ein svært sentral plass som kulturformidlar. Biblioteket vert nytta til ulike arrangement som Trøll i ord, minikonserter og liknande.


8.6 Hemsedal musikk- og kulturskule

Tal henta frå KOSTRA viser at også i 1.semester i 2013 er det høg aktivitet i musikk og kulturskulen. Skuleåret 2013-14 vart elevtalet noko lågare då me ikkje hadde fått tilsett dramalærer, og at me berre hadde ei lita dansegruppe. Elles er det framleis ventelister på instrumentalundervisning.

Sist haust fekk to gitargrupper for skule- og barnehagetilsette tilbod frå musikk og kulturskulen. Det er ynskjeleg å vidareutvikle slike tilbod.

Alle involverte i musikk- og kulturskulen er svært nøgde med å vere i eige lokale i kjellaren på kommunehuset. Dette har vore eit etterlengta mål. No kan personalet samarbeide lettare med kvarandre og saman med elevane.

Diagrammet under viser i % kor stor del av elevane i grunnskulealder vi har i musikk- og kulturskulen i kommunane Nes, Gol, Hemsedal og Ål i tidsrommet 2009-2013.



8.6.1 Arbeidsmål for Hemsedal musikk- og kulturskule 2015

- Kulturskulen skal vere eit ressurscenter med tilgjengeleg kompetanse. Det skal vere attraktivt å jobbe i kulturskulen vår, også for lærarar frå andre kommunar.
- Utvikle samarbeidet med dei andre hallingdalskommunane gjennom felleskonserter m.m.
- Møte auka behov for elevplassar grunnar folkevekst og særleg auke i talet på barn og unge. Vidareutvikle tilboda for vidarekomne elevar i musikk- og kulturskulen
- Utvikle samarbeid med skulane.
- Det er til tider stor pågang med spørsmål om tilbod for vaksne. Me vil arbeide for å kunne gje tilbod

også til denne gruppa i kulturskulen.

8.7 Ungdomsklubben

Ungdomsklubben skal vera ein trygg og god plass der ungdomen kan møtast på fritida. Besøkstalet er på mellom 20 og 30 på fredagar. Lokalet er rusta opp og ungdommen har bidrege i arbeidet.

Ungdomsklubben er avhengig av stabilitet i tilsette. Alle ungdomar skal bli sett og møtt av trygge vaksne. Det er no stabilitet i tilsette som arbeider fredagar frå 19:00-23:30 og i onsdagklubben som er open frå 14:30 – 17:00 for 7.-10. trinn.

8.7.1 Arbeidsmål for Ungdomsklubben 2015

- Vidareutvikle Klubben som ein attraktiv, artig, heilt rusfri og trygg plass for ungdomen
 - Godt psykososialt miljø der det er 0-toleranse for mobbing
 - Klubben skal vera innbydande for ungdommen i reine og trivelege omgjevnadar
 - Vidareutvikle tilbodet med spel og aktivitetar.
- Det skal stellast i stand lokale og felles rusfrie arrangement for ungdom i Hallingdal, også på andre arenaer enn Ungdomsklubben. Ungdommen skal sjølv delta i drifta av klubben og i planlegging og gjennomføring av arrangement. Klubben er no del av klubbkrets i Hallingdal som skal jobbe målretta med felles rusfrie ungdomsarrangement i Hallingdal. Kretsen får tilskot frå Frifond til drift.
- Stabil stab med dyktige medarbeidarar
 - Erstatte tilkallingsavtaler med faste stillingar
- Det skal oppretthaldast ein god standard på uteområdet og lokalet klubben held til i.

8.8 Hemsedal Ungdomsråd

Hemsedal Ungdomsråd eit bra fungerande, aktivt og engasjert rådsorgan. Rådet har teke del i politiske prosessar, fått igjennom eigne saker og satt i sving eigne prosjekt, som til dømes kampanje for bruk av bilbelte i buss, arrangement for ungdom osv. Hemsedal Ungdomsråd er representert i Hallingdal Ungdomsråd som jobbar med regionale saker.

8.8.1 Arbeidsmål 2015

- Stimulere til økt engasjement blant ungdommen i Hemsedal. Rådet skal engasjere resten av ungdommen i Hemsedal i viktige saker og skape forum/arena for dette.
- Betre samarbeid med politikarar og administrasjon. Rådet skal kommentere planar og gje råd til politikarar og administrasjon.
- Rådet skal halde fram med arbeidet med å få igjennom eigne saker og stå på krava for ungdommen i Hemsedal.

9 TENESTEOMRÅDE HELSE OG OMSORG

Visjon i kommuneplanen - Helse, velferd, omsorg

«Alle menneskjer er ressurspersonar. – I Hemsedal vil vi ved utforming av tenestetilbod og ved tilrettelegging la enkeltmenneske få bruke sine ressursar på ein best mogleg måte ut i frå sine føresetnader. Slik kan dei oppleve livskvalitet basert på meistring, meining og livsglede

Etaten har ca 68 årsverk og omfattar følgjande einingar:

- Administrasjon med 2 årsverk
- Bygdaheimen - institusjonsbasert teneste, inkludert institusjonskjøkken med ca 22 årsverk,
- Heimebasert teneste, med 14, 4 årsverk.
- Bråtenjordet – miljøarbeidar teneste, avlastningstiltak for barn og unge med 14, 7 årsverk
- Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering, folkehelsekoordinator, 2,8 årsverk
- Helsestasjon, skulehelseteneste, inkludert jordmorteneste, med 3,4 årsverk
- Psykisk helse inkludert ansvar for rusomsorg, med 4,7 årsverk
- Legeteneste og legevakt med 3 fastlegeheimlar
- Fysioterapi og friskliv, med 100 % fysioterapeut med driftstilskott og 3,3 årsverk

Hallingdal barnevern, NAV, miljøretta helsevern og Hallingdal krisesenter er ligg under helse og omsorgsetaten sitt budsjettområde.

9.1 Sentrale utfordringar for etaten

Kommunen har ansvaret for tenestetilbodet til alle som har behov for helse- og omsorgstenester uansett omfang, alder og diagnose. Gode tilstrekkelege tenester i rett tid har betydning for meistring av kvardagen og arbeidsliv trass sjukdom eller nedsett funksjonsevne. Høve til å delta i kultur og sosiale aktivitetar er viktig for dei fleste for å oppleve ein god livskvalitet. Rett kompetanse, fleksible tenester, innovasjon og omstilling vil vere viktig for å kunne klare å dekke innbyggjarane s behov for tenester i åra framover. For å få dette til vil det vere viktig med regionalt samarbeid og samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Det er fleire brukarar i alle aldersgrupper med eit meir samansett tenestebehov. Dette gjeld brukarar med langvarige og kroniske sjukdommar, funksjonsnedsettingar, psykiske og sosiale problem. Det er viktig med god samordning og heilskapleg tenestetilbod. Det er ikkje minst viktig å satse på førebyggjande arbeid, satsing på folkehelse, tidleg innsats og målretta tiltak/kvardagsrehabilitering. Sjølv om det er mindre handlingsrom for å sette verk nye tenester, er det viktig at det blir satsa på førebyggjande og helsefremjande arbeid, samt ulike lågterskeltilbod både for barn og unge og vaksne.

For fleire tenesteområde er det stor etterspurnad for tenester både frå dei som bur i kommunen, men og frå turistar, sesongarbeidarar og asylmottak. Sesongen er blitt lengre og dette fører til at arbeidsbelastninga for desse tenestene blir tilnærma konstant.

Det er behov for å heve kompetansen på ein rekke områder og ytleigare spesialisering for å kunne møte dei nye utfordringane. Personalet er kommunen sin viktigaste ressurs for å få til gode tenester.

Det blir stilt større krav og moglegheiter med godt utbygd IKT-løysingar, telemedisin og velferdsteknologi. Dette vil stille krav til kompetanse, ressursar og investeringsbehov. Ved å ta i bruk teknologi og samarbeid med spesialisthelsetenesta vil fleire kunne bli behandla i kommunen og få tenester i eigen heim.

Brukarane og deira pårørande er ein viktig ressurs både i eit helsefremjande - og eit rehabiliteringsperspektiv. Brukaren kjenner sjølv best kvar skoen trykkjer og det blir viktig å ha fokus på brukarmedverknad ved utforming av tenestetilbod. Godt samarbeid og involvering kan gje ei auka kjensle av meistring og tilfredsheit, føre til færre symptom, betre livskvalitet med meir. Pårørande har kjennskap og kunnskap om brukaren/pasienten, dei tek ofte på seg omsorgsoppgåver og er ein viktig person i nærmiljø.

Frå 2022 vil det bli fleire eldre også i Hemsedal. I åra framover må ein rekne med at tenesteytinga går frå institusjon over til heimebasert teneste. Dette i tråd med utviklinga og det at dei fleste ønskjer å bu heime så lenge som mogleg. Det blir fleire heimebuande med samansette, komplekse og kroniske lidingar. Dette vil krevje tett koordinering av tenestetilbod, krav til kompetanse og tilrettelegging av bustad/omsorgsbustader. Vi ser at det er ei utvikling at det er fleire som søker og som står på venteliste for å få omsorgsbustad

Endra styringssignal/rammevilkår.

Frå 2015 blir medfinansiering av utgifter til spesialisthelsetenesta for somatiske pasientar blir avvikla. Hemsedal har dei siste åra hatt høgare kostnader enn det som har ligge i rammene, dette vil medføre at rammene blir reelt redusert.

Det blir rettighetsfesting av brukarstyrt personleg assistanse for personar under 67 år med langvaring og stort behov for personleg assistanse etter helse og omsorgstenestelova.

Regjeringa har vasla ei styrking på innsatsen på å styrke kapasitet og kvalitet til personar med rusproblem

Det blir gitt ekstra i rammene for å styrke skulehelsetenesta.

Samhandlingsreforma og Hallingdal lokalmedisinske tenester

Helse og omsorgstenestene må jobbe vidare med bli rusta til å møte nye utfordringar og krav som blir stilt gjennom samhandlingsreforma, nytt lovverk, nasjonale føringar og avtaleverk. Samhandlingsreforma har og innverknad på inntekts- og utgiftsida til kommunen. For å løyse alle nye oppgåver må vi samarbeide regionalt for å kunne gje betre, meir effektive og fleire tenester, samt ha naudsynt kompetanse på alle områder. Ved at vi tilbyr betre, fleire og meir spesialiserte tenester vil det totalt sett kunne få økonomiske konsekvensar.

Hallingdal lokalmedisinske blir avslutta som prosjekt i 2014 og vil frå 2015 gå over i implementeringsfasen. Dette vil verke inn på organisering og tenester innan helse og omsorg, men det vil og ha økonomiske konsekvensar. Hallingdal lokalmedisinske tenester skal ha følgjande samarbeidsområder:

1. Intermediæravdeling og kommunale akutte døgnstilbod (KAD)
2. Folkehelse i Hallingdal.
3. Kompetansehevande tiltak for tilsette, og lærings- og meistringstenester overfor brukarar og pårørande.
4. Felles demensteam i Hallingdal og tenester til sterkt demente og ressurskrevjande pasientar.
5. Psykisk helse og rusarbeid.

Det blir ei auka samhandling interkommunalt både med oppretting av 1, 5 årsverk med interkommunale stillingar samt oppretting/ vidareføring av fag- og styringsgrupper. Samhandling vil føre til at kommunane i auka grad vil nytte ressursar og kompetanse på tvers av kommunegrensene. Inntil dei ulike stillingane er på plass har Hemsedal fått ansvar for kompetanse, læring og meistring.

Frå 2016 vil kommunane få ansvar for ei rekkje lærings og meistringskurs som spesialisthelsetenesta

tidlegare har hatt ansvar for.

Hemsedal har vore med i kommunehelsesamarbeidet – K26 samarbeidet. Dette prosjektet er under evaluering. For å kunne utvikle tenester og samarbeidsavtaler med Vestre Viken er det viktig at kommunane som høyrer til helseforetakets opptaksområde har eit forpliktande samarbeid.

Førebyggjande og helsefremjande arbeid

Samfunnsutvikling og samhandlingsreforma fordrar kommunen til å styrke førebyggjande og helsefremjande arbeid samt å leggje til rette for eigenmeistring. Samstundes som ein skal oppretthalde og vidareutvikle det tenestetilbodet som kommunen allereie gir.

Det er sett i verk mange tiltak og prosjekt for både vaksne og barn som det er viktig å vidareføre og vidareutvikle. Fysioterapitenesta har hatt prosjekt med fallførebyggjande trening, felles trening for tenestemottakarar i heimesjukepleie og sjukeheim. Friskliv har fleire ulike tilbod om gruppetrening og individuell trening. Psykisk helse er eit lågterskeltilbod, der det blir jobba for å skape sosiale møtearenaer.

I følgje omsorgsplan 2020 skal det leggjast større vekt på aktivisering både sosialt og fysisk og ei auka merksemd på brukaren sitt sosiale, eksistensielle og kulturelle behov. Frå 2015 har kommunen ein plikt til å ha aktivitetstilbod for eldre, funksjonshemma og andre som har behov for dette. Frå sentralt hald er det satsa på utbygging av dagaktivitetstilbod for personer med demens. Aktivisering, både kulturelt, sosialt og fysisk krev tverrfagleg samarbeid, samarbeid med private aktørarar og frivillige lag og organisasjonar.

Det er fleire barn og unge, unge vaksne som vil krevje ei heilskapleg og gjennomgåande tenesteyting mellom helse- og omsorg, familie, barnevern, NAV, barnehage og skule. Skal kommunen lykkast med førebyggjande arbeid må det satsast på tidleg intervensjon og felles grunnsyn.

Både barn og unge, vaksne og eldre blir utsett for vold i nære relasjonar. Denne type vold er ofte skjult og forbundet med mykje skyld og skam. Det er viktig at dei som blir utsett for vald, familien og valdsutøvar får hjelp til å bryte ein negativ utvikling. I Hallingdal er det sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein felles Handlingsplan mot vold i nære relasjonar.

Skulehelsetenesta og psykisk helse er ein god samarbeidspart for barnehage, skule, barnevern og andre instansar, både i det førebyggjande og psykososiale arbeidet for barn både på dagtid og fritid. Det er ønskeleg å etablere oppsøkjande tenester / miljøarbeidarteneste for familiar som har behov for råd og rettleiing. Dette kjem fram og av gjeldande kommuneplan. Ved å styrke kompetanse og ressursar innan helsetasjonstenesta og psykisk helse, slik at dei kan jobbe meir førebyggjande og med tidleg intervensjon, vil dette kunne hindre kostnadskrevjande tiltak for barn og unge seinare i livet. I lovverk og nasjonale føringar blir det lagt vekt på styrking av skulehelsetenesta og psykisk helsearbeid.

Helsestasjon og psykisk helse samarbeider med Familievernkontoret både innan familierapi og med å arrangere samlivskurs.

Kvardagsrehabilitering / ressursteam for personar som treng koordinerte tenester

Kvardagsrehabilitering tek utgangspunkt i brukaren sine egne ressursar, ønskjer og personlege mål for tenesteutforminga. Tidleg tverrfaglig kartlegging av rehabiliteringspotensialet hjå brukaren og tilsvarande tidleg og intensiv opptrening skal auke meistringsevna og reduserer behovet for hjelp frå det offentlege. Vanlegvis bør det opprettast eit tverrfagleg team som i samarbeid med heimetenesta står for opptreninga på brukarens naturlige arenaer, som er i heimen og nærmiljøet.

Det blir fleire yngre personar med demens som i peiodar vil kunne krevje mykje ressursar. Dette er eit område som det blir jobba vidare med i Hallingdal. Samstundes er det viktig at vi har eit godt og kompetent demensteam i kommunen. Tidleg avdekking, tidleg innsats, gode lærings og meistringstilbod, pårørandeskuler og gode aktivitetstilbod vil bidra til at den enkelte får gode kvardagar, hindre for stor slitasje hjå pårørande og utsette meir kostnadskrevjande tilbod.

Talet på personar med psykisk og rusrelaterte helseplager vil auke og mange vil i periodar ha behov for omfattande og koordinerte tenester.

Omsorgsbustader, avlastningsbustad, bustader for eldre

Det er ei auke i personar som søker etter omsorgsbustad. Ein del av dei som søker ønskjer tryggleik og nærleik til tenestene. Utryggleik og angst hjå ein del brukargrupper fører til redusert livskvalitet.

Det er mange pårørande som har store omsorgsoppgåver som har behov for avlastande tiltak i kortare og lengre periodar. I tillegg til korttids plassar på Bygdaheimen er det 2 leilegheiter ved Bråtenjordet som blir nytta som avlastningsbustad. Det vil på sikt vere behov for å gjere bygnadsmessige endringar for å betre tilhøve for personell og brukarane av tenestene.

Kva har vi fått til / fått i gong i 2014

I tillegg til mange prosjekt som er sett i gong gjennom Hallingdal lokalmedisinske tenester, er det sett i gong mange nye tiltak i kommunen også.

Det er satt i gong og vidareført ei rekkje førebyggjande tiltak for barn og unge og deira familie. Kjærlyhet og grenser, LEK, barn i rusfamilier, ICDP, kjærlyhet og grenser, FUA. Vi er at det er eit behov for utvide tenestetilbod også etter normal arbeidstid. Dette vil utløyse auka lønskostnader, men det er viktig at vi kjem inn med lågterskeltilbod så tidleg som mogleg.

Det er sett saman ei tverrfagleg kompetansegruppe som skal jobbe med kvardagsrehabilitering. Det er og etablert ei ernæringsgruppe i Hallingdal og Hemsedal.

Vi har delteke i opplæring i bruk av samhandlingstatistikk, kostratal m.m som eit ledd i det utarbeiding av helse- og omsorgsplan.

Det er blitt jobba med å få i gong oppsøkjande helsetenester for dei over 75 år med oppstart frå 2015. Tilsette i kommunen er pådrivar og igongsettar med gubbetreff- gjennom prosjekt livslystkafe.

Friskliv og fysioterapi har starta mange nye grupper, som har fått god oppslutning. Dette gjeld fallførebyggjande grupper, trim for dei over 65, seniordans. Det blir og sett i gong tilbod om røykeslutt og kosthaldskurs. Det blir og jobba med få i gong grupper for yngre brukarar som har ulike utfordringar.

KE har fått ansvar for å koordinere ein god overgang for elevar frå grunnskule til vidaregåande skule med behov for koordinering mellom ulike einingar.

Psykisk helse jobbar med å få større openheit rundt psykisk helse/uhelse, gjennom å arrangere foredrag og temakvelder. Dei jobbar og mykje med ulike lågterskeltilbod som dagsenter/middagsgruppe. Hemsedal kommune har fått prosjektmidlar til å starte om med brukartilsetting for å få i gong nye aktivitetstilbod og

kjøp av inn på tunet tenester innan rus og psykisk helse.

I regionen er det og jobba mykje med godkjenning av inn på tunet tilbydarar. Hemsedal søker prosjektmidlar for å få i gong eit dagaktivitetstilbod innan inn på tunet for personar med demens.

Det er blitt brukt mykje ressursar til deltaking i ulike prosjekt i Hallingdal. Dette fører til at enkelte arbeidsoppgåver må skyvast fram i tid.

Det blir satsa på å heve fagkompetanse i etaten ved å leggje til rette så langt det let seg gjere at tilsette skal få fag- og vidareutdanning. Fleire har / eller er i ferd med å ta fagutdanning via Helsefagarbeider ABC.

9.2 Felles mål for etaten

- Styrke tverrfagleg samarbeid ved å vidareutvikle fleirfagleg team og opprette ressursgrupper for brukarar med behov for samordning av tenester
- Utvikle tenester ved hjelp av ny velferdsteknologi
- Opprette tverrfagleg kompetansegruppe for kvardagsrehabilitering både innan somatikk og psykisk helse.
- Vidareutvikle etisk refleksjon i alle einingane
- Styrke tverrfagleg samarbeid i høve til førebyggjande arbeid for barn og unge gjennom å delta i følgjande prosjekt
 - Kjærlyhet og grenser
 - Barn i rusfamiliar
 - Lekprosjekt
 - Styrke foreldrerolle mellom anna gjennom kurs i ICDP og godt samliv, kjærlyhet og grenser
 - Vidareutvikle FUA- Fysisk aktivitet for inaktive barn og unge
- Ulike områder belyst i temaplan for bygdaheimen, helsesenter og kommunehus må utgreiast vidare.
- Utvikle aktiv omsorg og dagsenteraktivitetar
 - Prosjekt med dagsenteraktivitetar og sysselsetting gjennom samarbeid med inn på tunet tilbydarar
 - Tilbod om fysisk aktivitet som eit aktivitetstilbod til ulike alders- og brukargrupper innan friskliv/fysioterapi
 - Utvikle miljøterapeutiske teneste spesielt innan demensomsorg og rus/psykisk helse
 - Gjennomføre prosjekt med brukartilsetting og «inn på tunet» tenester i samsvar med prosjektsøknad
- Styrke brukarmedverknad og ha eit godt samspel i utforming av tenester mellom tenesteytar, tenestemottakar og føresette/pårørande

9.3 Arbeidsmål for dei ulike fagområda

Administrasjon

Administrasjon består av 2 årsverk. I tillegg har gruppeleiarane frå 20-70 % administrativ tid i stillinga si.

Det er strengare krav til saksbehandling, journalføring, internkontroll/ kvalitetssystem innan alle områder. Det skjer mykje innan for IKT som skal implementerast i etaten. Det er auka krav til rapportering for dei ulike tenestene. Det er eit større omløp av pasientar, behov for å delta i ulike samarbeidsmøter både lokalt og regionalt. Det blir og brukt meir tid til dialog og samarbeid med brukar og påørande. Det er og

strengare krav om tettare oppfølging med sjukemeldte. Dette krev stadig meir ressursar og tid samtidig som ein skal ha tid til plan-, strategi- og utviklingsarbeid.

Tilsette er den viktigaste ressursen kommunen har for å gje gode tenester. Det er derfor viktig å bruke ressursar til personal- og kompetanseutvikling.

Temaplanen for området rundt Bygdaheimen, kommunehus og helsesenteret viser ein rekkje områder som er viktige å jobbe vidare med. Det er sett av midlar til vidare utgreiingsarbeid som bør settast i verk i løpet av 2015/2016.

Arbeidsmål i planperioden

- Arbeid med helse og omsorgsplan skal settast i gong, der tidlegare del og fagplanar blir inkludert
- Tal på tilsette med fagkompetanse og vidareutdanning skal aukast i samsvar med kompetansebehov og kompetanseplan
- I samarbeid med tillitsvalte og verneombod utarbeide fleksible og gode arbeidstidsordningar som tek vare på både brukarane og tilsette sine behov, og som gir ei best mogleg kvalitativ og effektiv tenesteyting.
- Nytte prosjektarbeid for å styrke og utvikle tenestene.
- Ta i bruk og vidareutvikle elektronisk arbeidsplanverktøy, samt ta mobile datakommunikasjon for arbeidslister og journalføring.
- Gjennomføre ROS- analyser
- Styrke og utvikle samhandling mellom helse og omsorg, oppvekst, NAV og Barnevern – tidleg intervensjon

Heimebaserte og Institusjonsbaserte tenester/sjukeheim

Hemsedal Bygdaheim har ca 21 årsverk inklusiv kjøkkenteneste. Kommunen tek i mot alle utskrivingsklare pasientar. Av 23 sengeplassar er 4 plassar definert til korttids- og avlastingsplassar. Utviklinga viser at fleire pasientar blir lagt inn på korttidsplassar, avlasting og ø.hjelpsplass/ observasjon frå lege eller heimesjukepleie. Det må vurderast om ein bør auke senger til dette formålet.

Heimetenesta har i underkant av 15 årsverk. Det er ei auke i utplassering av tryggingssalar. Det er fleire som i lengre Det må og reknast med at fleire alvorleg sjuke ønskjer å få pleie og lindrande behandling heime. Dette vil stille krav til fleksible tenester og krav til kompetanse. Pr i dag har det ikkje vore behov for aktiv teneste i heimesjukepleie på natt. Det har vore etablert bakvakt som reiser ut når tryggingssalar blir utløyst.

Det er fleire brukarar som har behov for rehabiliterande tiltak som krev tett oppfølging, og der ein må samarbeide på tvers av tenestene.

Det er varsla at i åra framover blir det fleire yngre eldre med demenssjukdommar psykiske lidningar. Dette vil krevje tilrettelagt tenester, auka tenestebehov, tilbod om dagaktivitet og avlastning for dei pårørande. Det er og viktig å styrke kompetansen på dette området.

Mange brukarar av helse og omsorgstenester er underernærte eller i ernæringsmessig risiko. Underernæring og feilernæring gir auka fare for andre sjukdommar, lengre rekonvalesent samt større pleietyngde og auka medisinske kostnader.

Arbeidsmål

- Styrke dagtilbod/ aktivitetstilbod både for dei som bur her, men og heimebuande og deira pårørende som treng avlastning på dagtid. Utvikle eit inn på tunet tilbod for ynge personar med demens vil vere eit satsingsområde
- Legeressurs i sjukeheim må styrkast i samsvar med behov.
- Vidareutvikle sansehage.
- Styrke kompetanse og samarbeide på tvers for å gje eit godt tenestetilbod for dei som har demensjukdom, psykiske lidingar, geriatri, palliasjon eller treng rehabilitering.
- Styrke kompetanse, prosedyrar og kartleggingsverktøy for å førebyggje underernæring, feilernæring.
- Oppsøkjande og førebyggjande teneste for alle personar over 75 år.
- Opprette eit tverrfagleg ressursteam som kan styrke rehabiliteringstenester i heimen med heimetrenerar/aktivitetstrenerar
- Samarbeid med psykisk helse – få i gang miljøarbeid/ behov for tilsyn og hjelp kveld/helg

Koordinerande eining

Det er 2,8 årsverk. I eininga ligg overordna ansvar for koordinering av habilitering og rehabilitering, ansvar for kvalitets- og fagutvikling for heile etaten og oppgåva som folkehelsekoordinator for kommunen.

Eininga har systemansvar for individuelle planar og ansvar for å koordinere tenester for personar med langvarige og samansette behov. Eininga har det faglege ansvaret for oppfølging i høve til bruk av tvang og makt for personar utan samtykkekompetanse. Det er blitt jobba tett opp mot habiliteringstenesta, anna spesialisthelseteneste og Fylkesmannen. Eininga er og førstekontakt når det gjeld samhandling med sjukehus i høve til utskrivingsklare pasientar. Dette vil også gjelde innanfor psykisk helse

Det blir fleire komplekse og samansette problemstillingar som utfordrar kommunale tenester til å sjå heilskapleg og gjennomgåande på tenestetilbodet på tvers av etatar, einingar og kompetanse.

Eininga har fått ansvar for å følgje opp ungdom som har særskilt behov for oppfølging i overgang ungdomskule- vidaregåande skule, ungdom som står utan tilbod om vidaregåande skule og unge vaksne som ikkje finn seg til rette i ordinær sysselsetting etter endt vidaregåande.

Arbeidsmål

- Prioritere tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid
- Skape gode dagaktivitetar og sysselsetting for personar med psykisk utviklingshemming
- Prioritere kvalitets- og fagutviklingsarbeidet
- Systematisere e-læring og internopplæring
- Etablere kompetanse/fagstillingar innan livsstilsjukdomar som diabetes, overvekt, kols, med meir
- Tidleg innsats og koordinering for barn og unge med funksjonsnedsetting og åtferdsutfordring.
- Styrke og vidareformidle kompetanse på åtferdsutfordringar og diagnoser.

Bråtenjordet – miljøarbeidarteneste og avlastningstiltak for barn og unge, unge vaksne

Eininga vart oppretta hausten 2012. Det er pr september 2015 ca 15 årsverk i eininga. Målet med å etablere dette som ei eiga eining var å samordne miljøarbeidarteneste, offentleg avlastning for barn og unge og tilby forsvarlege tenester for dei som har store behov for praktisk bistand.

Det er behov for å auke ressursar med tanke på at det er eit auka behov for miljøarbeid og avlastning barn og unge. Samtidig ønskjer brukarar aktivt medverke ved utarbeiding av tenestetilbod. Dette kan føre til fleire BPA vedtak eller at kommunen må ha meir fleksible miljøarbeidartenester enn i dag.

Om få år vil det vere behov for fleire bustader ved Bråtenjordet. Det er og behov for meir areal til personell, då det er fleire som i åra framover vil jobbe i døgnturnus med ulike brukarar .

Mange barn, ungdom og unge vaksne har behov for miljøarbeid, praktisk bistand, sysselsetning og aktivitetstiltak for å oppnå sosiale ferdigheiter og ta del i dei aktivitetstilbod som fins. Tidleg innsats, god kompetanse, fleksibelt personell og gode koordinerte tenester er viktige suksessfaktorar. Det er og viktig at kommuna knytt til seg spesialistkompetanse frå spesialisthelseteneste og kompetansesenter.

Det må jobbast med å skape gode kultur/fritidstiltak for personer med nedsett funksjonshemming, både at dei får høve til å ta del i det tilbodet som fins men og at det må jobbast vidare med å skape gode møtearenaer/ fritidsklubb og fritidsaktivitetar i Hallingdal. Dei kan dei sjølv kan vere ansvarleg for drift i saman med følgje, men det må leggst til rette både med tanke på universell utforming, transport og liknande.

Arbeidsmål

- Tilpasse tenester og kompetanse ut i frå den einstilte brukaren sitt behov . For 2015 vil dette innebere ei auke på 20-50 % stilling.
- Gode sysselsettings- og aktivitetstiltak
- Systematisk styrking av brukarmedverknad

Helsestasjon

Helsetasjon har 3,4 årsverk. Helsestasjon er lågterskeltilbod som skal vera lett å oppsøkje, når barn og unge og familiar har det vanskeleg, når det gjeld fysisk og psykisk helse og samspel i familien. Dei er viktig ein viktig aktør i det førebyggjande arbeid for barn og unge og deira familiar og dei arbeider med ei heilskapleg tiltakskjede for barn 0-20 år. Helsestasjonen har opparbeid seg kompetanse og brukt ressursar til foreldrerettleiing ICDP og godt samliv.

Det er viktig at helsetenesta er til stades i skule og barnehage. I 2012 og 2013 var helsestasjonen meir tilstades på skulane på grunn av prosjektmidlar. Dette er eit viktig tiltak som gir god førebyggjande effekt og bidreg til at ein fortare kan fange opp barn som har utfordringar. Tema som blir meir aktuelle og som krev tid er psykisk helse, vektproblematikk, mobbing, rus auka skulefråvær m.m.

Det er og ønskjeleg å etablere oppsøkjande tenester / miljøarbeidarteneste for barn og familiar som har behov for råd og rettleiing saman med psykiske helseteneste og koordinerande eining.

Helsestasjonen har og mykje oppfølging med busette flyktingars og bebuarar på asylmottaket. Kommunen vil ha behov for å tileigne seg fleirkulturell kompetanse innanfor fleire fagområder. Mange har utfordringar med si psykiske helse.

Nybakte foreldre blir raskare skrive ut frå sjukehus. På grunn av lange avstandar kan ikkje mor og barn nytte det polikliniske tilbodet til sjukehusa. Dette fører til at kommunen sin helsestasjonsteneste må følgje mor og barn tettare opp.

Arbeidsmål

- Helsestasjonen må ha tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse til å jobbe med førebyggjande tiltak og tidleg intervensjon både innan:
 - Skulehelseteneste
 - Råd og rettleiing i heimen
 - Oppfølging av nyfødde og deira foreldre
 - ICDP/ foreldrerettleiing
 - EDPS
- Fleirkulturell kompetanse
 - Førebyggjande arbeid med råd og rettleiing til barnefamiliar.
 - Kjønnslemlestelse

Psykisk helse

Eininga har 4,5 årsverk med god og brei kompetanse. Dei har og ansvar for rusomsorg. Psykisk helse har mellombels fått kontor på kommunehuset på grunnmangel på kontor på helsesenteret.

Det er fleire som har rusproblematikk i Hemsedal. Det er viktig å jobbe førebyggjande og med tidleg intervensjon i høve til barn og unge i høve til rus og dop. Hemsedal kommune er med i prosjekt «barn i rusfamilie». Det er viktig at dette prosjektet blir godt forankra og vidareutvikla i kommunen. Det blir og etablert eit samarbeid med politiet for å følgje opp barn og unge som har behov for tettare oppfølging.

I 2014 vart det ei styrking av psykisk helseteneste spesielt innan kommunalt rusarbeid og bustadsosialt arbeid gjennom prosjektmidlar og styrking gjennom statlege rammer. Det vart samstundes vedteke ein rusmiddelpolitisk handlingsplan med ei rekkje tiltak både innan førebyggjande arbeid.

Det er fleire som slit med angst og depresjon. Dette gjeld ikkje minst barn og unge. Det er fleire som kjem til Hemsedal som treng oppfølging. Det er og eit behov for rettleiing og tverrfagleg samarbeid med andre einingar og tverrfagleg samarbeid med spesialisthelseteneste.

Det er blir satsa på det førebyggjande arbeidet i psykisk helse. Prosjekt som LEK, dagsenteraktivitet, gruppeaktivitetar/sosiale møtearenaer og sommarmoro bør vidareutviklast og bli eit fast tiltak.

Det er mange som bur på asylmottak som har trauma og angst og som treng ein god del oppfølging.

Frå 2015 vil kommunen må kommunen ta i mot utskrivingsklare pasientar innanfor psykisk helse, jf inngått avtale

Arbeidsmål

- Vidareutvikle dagsentertilbod og sosiale møtearenaer for ulike brukargrupper
- Vidareutvikle tenesta med førebyggjande arbeid samt vere eit lågterskeltilbod for dei som har behov.
- Styrke kompetansen og vidareutvikle tenesta innanfor rusomsorg i samsvar med behov og tiltak vedteke i rusmiddelpolitisk handlingsplan.
- Gjennom prosjekt vurdere tiltak som inn på tunet- brukertilsettingar for igangsetting av ulike lågterskeltilbod
- Samarbeid med heimeteneste – få i gong miljøarbeid/ behov for tilsyn og hjelp kveld/helg
- Samarbeid med fysioterapi og friskliv med lågterskeltilbod
- Utvikle interkommunalt samarbeid, samt samarbeid med spesialisthelseteneste – i samsvar med prosjekt Hallingdal lokalmedisinske tenester

Legeteneste

Det er i dag 3 fastlegeavtaler, og kommunen sin dekningsgrad ligg på gjennomsnitt. Pr i dag blir det nytta 14,5 timer til allmennpraktisk arbeid.

God legeteneste og dyktige fastlegar er viktig for å lykkast med mange av måla i samhandlingsreforma. Det er behov for legar med brei generalist kompetanse, men sidan det er fleire skader enn det som er gjennomsnitt er det viktig at legar er gode på ortopedi. Sidan det er mange sesongarbeidarar, turistar og personar som oppheld seg her over lengre tidsrom vil ein rekne med at dekningsgraden på legetenesta i Hemsedal er lågare enn snittet. I tillegg kan ny fastlegeforskrift og ny legerolle medføre at det må vurderast å auke talet på legar.

Med få legar blir arbeidspresset stort, spesielt på legevakt. Turistsesongen er blitt utvida, og dermed blir perioden med normalsituasjon mindre. Frå 2015 vil det vere lengre opningstid i skiheisen og sannsynlegvis må Hemsedal ha lengre opningstid på legevakt med lege og hjelpepersonell tilstades.

Det vil bli vurdert om det er behov for å utvide legevaktsamarbeid og felles kommuneoverlege for kommunane i Nedre Hallingdal då Flå går ut av legevaktsamarbeidet med Nes. Det er og på trappane ny akuttmedisinsk forskrift som kan innverknad på organisering og drift av legevakt. Det blir anbefalt at legevakt har sjukepleiar eller anna kvalifisert personell tilstades.

Legekontora har behov for meir areal. Dette er belyst i temaplan. Behov for telemedisin, akuttmedisinsk utstyr og legevaktsbil meir kan gje auka kostnad for kommunen.

Arbeidsmål

- Vurdere kommunelegen sin rolle og ansvarsområde både lokalt eller ved interkommunalt samarbeid for å imøtekome samfunnsutviklinga.
- Vurdere talet på fastlegeheimlane/bemanning av legar på vinterstid for å imøtekome etterspurnad etter legeteneste, belastning på legevakt og krav til samarbeid med andre tenester.
- Gjennomføre ei analyse korleis legevakta i Hemsedal skal organiserast lokalt og interkommunalt med tanke på personell og utstyr.
- Tilpasse timetal for tilsynslege ved sjukeheim etter behov og kommunelege spesielt innan psykisk helse og smittevern
- Revidere helsemessig og sosial beredskapsplan og smittevernplan

Fysioterapi og Friskliv

Det er 3,3 årsverk i eininga. 2,3 årsverk er fysioterapeutar, 0,7 årsverk som frisklivskoordinator og 0,3 årsverk som miljøarbeider. I tillegg er det 100 % privatpraktiserande fysioterapeut med driftstilskott.

Både folkehelsestatistikk og anna helsestatistikk viser at det i Hemsedal har det mange med muskel og skjellettplager. Det er blitt jobba systematisk med å få i gong fellestreningar for ulike grupper med same behov. Pasientar blir tidlegare skriva ut frå sjukehus og kjem heim til rehabilitering. Det blir no lagt større vekt på opptrening i staden for operasjon for enkelte skader/ belastningslidingar. Det er mange som har samansette behov. Dette krev ressursar, kompetanse og eit auka behov for kommunale hjelpemiddel. Rask og god behandling er samfunnsøkonomisk lønnsam ved at innbyggjarar fortare kan kome seg ut i aktivitet og arbeid.

Eininga er ein pådrivar og igangsettar av førebyggjande- og folkehelseiltak. Det er etablert fallførebyggjande trening / kurs for eldre. Det har vore gjennomført eit prosjekt med fysioterapitenesta, friskliv, psykisk helse og helsestasjon om tilbod om fysisk aktivitet for overvektige og inaktive barn. For å kunne gjennomføre

dette på eit meir permanent basis trengs det ekstra ressursar, og det er lagt på is inntil vidare. Det er og ønskjeleg å få til eit samarbeid med barnehage for å skape gode fysiske aktivitetar for barn i barnehagealder.

Friskliv i Hallingdal har fått prosjektmidlar for å få i gong fysisk aktivitet for å førebyggje diabetes. Det er også kome prosjektmidlar til kompetanse, lærings- og meistringskurs innan Kols.

For å kunne gje eit meir komplett tenestetilbod for mange med rygg, nakke og muskellidingar er det viktig at kommunen har personell med psykomotorisk kompetanse. Eit godt samarbeid med psykisk helseteneste er og viktig.

Eit tett og godt samarbeid med barnehage, skule og helsestasjon er viktig for at fysioterapien kjem tidleg i gong med kartlegging og trening når det gjeld barn og unge.

Oppretting av ulike grupper med fysisk aktivitet kan skape også gode sosiale møtearenaer og vil vere viktig når kommunen skal inn med ulike dagaktivitetar frå 2015.

Arbeidsmål

- Korte ventelister og raskt tilbod om førstegongsvurdering.
- Vidareutvikle gruppetrening for ulike grupper som eit supplement til behandling.
- Tilby fysisk aktivitet som eit ledd i dagsenteraktivitet, fysisk aktivitet
- Tilby bassentrening gjennom fysioterapi og friskliv for bestemte brukargrupper som eit ledd i førebyggjande arbeid
- Sikre eit forsvarleg kommunalt hjelpemiddellager.
- Samarbeid med andre einingar, dei andre kommunane i Hallingdal og frivillige lag og organisasjonar om tilbod innan Friskliv og førebyggjande tiltak for alle aldersgrupper , ikkje minst innan kosthald, røykeslutt og livstilsending.

9.4 Utvida KOSTRA- tal for 2013

Tabellene viser utvalte nøkkeltal for helse og omsorgstenesta. Tala gir ein peikepinn på kor Hemsedal kommune ligg i høve til andre kommunar i utvalet, men det ligg forskjellar i tala som er innrapportert. Det blir jobba med å få enno betre og meir rett rapportering på KOSTRA og IPLOS.

Kommunehelse	0618 Hemsedal 2013	0618 Hemsedal 2012	0618 Hemsedal 2011	kostra- gruppe 02 2013	Nes 2013	Gol 2013	Ål 2013	Landet 2013
Prioritering								
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	5173	4512	3689	2894	2979	3602	3454	2133
Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter	8,3	7,3	6,7	5,1	5	6,2	5,8	4,1
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år	15215	11073	7302	8408	17341	13418	14011	6833
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år	4340	3337	2289	2203	3694	3239	3246	1941
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger	1012	673	549	146	209	418	59	157
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger	3020	2947	2520	2179	1915	2393	2550	1473
Brutto investeringsutgifter pr. innbygger	0	0	0	220	9	0	162	45
Dekningsgrad								
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,1	14	13,9	12,7	14,5	14,1	14,9	10,1
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	15,4	14,4	12,6	9,9	8,7	7,7	17,7	8,9
Produktivitet/Enhetskostnader								
Brutto driftsutgifter pr. innbygger. Funksjon 232, 233 og 241	6034	5304	4871	3902	3968	5055	4905	2687
Herav: lønnsutgifter pr. innbygger. Funksjon 232, 233 og 241	3821	3429	2891	2388	2113	3797	3075	1532
Brutto driftsutgifter per innbygger 0 - 5 år. Helsestasjons- og skolehelsetjeneste.	16506	13084	8852	9508	20918	16535	15799	7442

Konsern - Pleie og omsorg - nivå 2	Kostragru							
	Hemsedal 2013	Hemsedal 2012	Hemsedal 2011	ppe 02 2013	Nes 2013	Gol 2013	Ål 2013	Landet 2013
Pleie- og omsorgstjenestene samlet								
Prioritering								
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, konsern	22,6	22,7	22,9	32,3	38,2	31,9	33,1	29,7
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	54,3	55,9	61,8	47,1	14,5	39,7	50,1	45,7
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	43,4	40,7	35,5	49,1	84,4	55,7	45,4	49
Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	2,3	3,4	2,7	3,7	1,1	4,6	4,5	5,4
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsern	14089	14013	12726	18447	22853	18443	19565	15230
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over, konsern	359267	346278	298463	329353	330786	321094	300355	352477
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over, konsern	111497	114158	105799	111396	125162	105969	112863	111364
Personell								
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning	64	63	63	77	65	63	74	75
Produktivitet / Enhetskostnader								
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester, konsern	461180	469093	356906	349158	419806	435651	389632	367429
Lønnsutgifter pr kommunalt årsverk ekskl. fravær, pleie og omsorg, konsern	668721	605358	679652	628881	642484	690484	641705	667915
Årsverk ekskl. fravær i brukerrettede tjenester pr. mottaker	0,63	0,74	0,44	0,46	0,59	0,54	0,52	0,49
Produktivitet/enhetskostnader for hjemmetjenester								
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kr)	292492	262058	147902	205233	366507	287616	244377	219403
Brukerbetaling, praktisk bistand, i prosent av korrigerte brutto driftsutg, konsern	1	1,3	1,6	1,2	0,7	1,5	3,1	1,4
Prioritering								
Netto driftsutgifter til aktivisering/støttetjenester per innbygger 18 år og over(f234), konsern	426	618	452	883	312	1078	1135	1048
Plasser i institusjon i prosent av mottakere av pleie- og omsorgstjenester	27	30,7	28,2	18,9	6	13,6	18,6	18,3
Dekningsgrader								
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	15	10	11	23	31	20	17	19
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	65	60	87	87	69	69	73	72
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	244	244	253	379	374	342	401	337
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	25,6	25,6	24,2	20,4	5,5	12	16,9	18,9
Andel plasser i institusjon og heldøgnsbemannet bolig i prosent av bef. 80+	33	33	32	30	35	24	27	29
Andel beboere i institusjon av antall plasser (belegg)	85,1	95,4	..	94,5	73,2	105,9	95,7	98
Andel plasser avsatt til tidsbegrenset opphold	17,4	17,7	100	31,2	32,7	18
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens	30,4	30,4	30,4	24,7	0	25	25,5	23,3
Andel plasser avsatt til rehabilitering/habilitering	8,7	8,9	46,2	18,8	9,1	7,5
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,27	0,12	0,14	0,39	0,71	0,47	0,52	0,46
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,55	0,5	0,68	0,33	1,29	0,41	0,67	0,38
Produktivitet/Enhetskostnader kommunale institusjoner								
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon, konsern	2981	2571	2756	2723	4400	3259	2956	2905
Andel kommunale institusjonsplasser av totalt antall institusjonsplasser	100	100	100	99,9	100	100	94,5	89,2
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	887542	894739	860208	903761	1170308	1249219	936500	992552
Korr.bto.driftsutg, pleie, av korr.bto.driftsutg, institusjon, konsern	85,2	88,2	86,8	89,8	95,7	92,4	83,4	89,6
Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter, konsern	12,7	12,8	12,4	13,9	5,6	15,6	13,2	14,8
Bruksrater og brukersammensetning								
Andel brukere (ekskl. langtidsbeboere på institusjon) med individuell plan	8,3	7,4	..	9,5	11,9	6,2	9,9	10,8
Andel av brukere (%) med noe/avgrenset bistandsbehov	47,2	49,3	48,2	45,6	49,5	36,2	42,9	43,9
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov	26	29,3	22,1	22,8	20,8	23,6	23,5	24
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand	11,5	11,3	7,8	7,2	9,5	28,2	8	8,3
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, hjemmesykepleie	3,7	4,4	4,2	4,6	10,2	5,3	4,6	4,6
Gjennomstrømming opphold per plass 31.12 på tidsbegrenset opphold i institusjon	5	5,7	..	18,4	11,6	11,5	25,6	19,5
Gjennomstrømming personer per plass 31.12. på tidsbegrenset opphold i institusjon	4,2	3,4	..	9,5	7	6,2	12,1	8,7

”

10 TENESTEOMRÅDE TEKNISK

Teknisk etat omfattar mange ulike fagfelt, som samla har ansvar for samfunns- og arealplanlegging, investering- og drift av kommunal infrastruktur, tilrettelegging for bustad- og næringsutvikling, samt ei rekkje forvaltningsoppgåver knytt til nemnde fagområder. Pr. 1. september 2014 har ein 21 tilsette (Eigedomsavd. inngår i sentraladm.).

10.1 Sentrale utfordringar for etaten

Etaten sine hovud utfordring er å

- balansere etaten sitt forvaltnings- og tenestetilbodet ifht nasjonale og lokale forventingar med eigenkompetanse og ressursar i ei tid med auka innbyggjartal og kundekontakt
- halde på,- rekruttere og vidareutvikle eit godt fagmiljø innan etaten sine kjerneområder
- følgje opp kommunale investeringsplaner frå prosjektering, til gjennomføring i forhold til bemanning og ressurstilgang
- vidareutvikle interkommunalt samarbeid innan etaten sine fagområder som lekk i å betre service, halde på og vidareutvikle kompetanse

10.2 Vassforsyning, avløpshandtering og vassmiljø

Vatn er vårt viktigaste næringsmiddel der tilstrekkeleg og sikker vassforsyning med god kvalitet er ein av våre viktigaste kommunale oppgåver. Etaten er i arbeid med ein langsiktig strategisk plan for å sikre forsvarlig avlaupshandtering og oppretthalde tilfredsstillande miljøkvalitet i resipientane. Utarbeiding av ny hovedplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø har høg prioritet sidan gjeldande plan er utdatert eller for lite detaljert. Generelt skal hovudplan for vatn og avlaup ta for seg kva område det skal satsast på i sektoren dei kommande 12 åra. Hovudplanen skal innehalde 2 deler, «Vassforsyning» og «Avlaup og Vassmiljø». Felles hovudelement i planen er:

- Planlegging av verksemd og oppgåver
- Investeringar og budsjett
- Kva nivå tenestetilbodet skal ligge på
- Budsjettutvikling
- Gebyrutvikling – Kor mykje innbyggjarane skal betale i årlige avgifter

Utarbeiding av ein hovudplan er svært tids- og ressurskrevjande, men ein ser ikkje noko gevinst med å leige inn ekstern kompetanse til å lage ein slik plan. Hovudplanen for VA kan finansierast over sjølvkostområdet (innarb. i vatn- og avlaupsgebyret).

10.3 Kommunale vegar

Hemsedal kommune har relativt få kommunale vegar, gater og gangvegar. Det vert likevel lagt ned betydelege ressursar i vedlikehald og investering i nye vegar kvart år og til saman representerer veganlegga fleire titals millionar kroner i nyverdi. For at desse verdiane skal forvaltast på best mogeleg måte, er det eit klart ynskje at det føreligg eit godt styringsdokument, som er politisk forankra, som verktøy i vegforvaltninga. Eit slikt styringsdokument kan kallast «Hovudplan for veg».

I ein slik plan er det ynskje å fokusere på drift,- vedlikehald og forvaltningskostnader i samanheng med investeringar. Ein må og synleggjere tiltak for ulike trafikantar og gje grunnlag for å foreta dei prioriteringar som alltid må gjerast. Vidare bør planen gje ein total oversikt over mengder og ulike element, samt at den skildrar tilstand, standard og verditap vurdert ut frå levetidsbetraktningar. Hovudplanen skal samordnast med Trafikktryggleiksplan. Det bør settast av tilstrekkeleg med tid og ressursar til å utføre arbeidet.

10.4 Miljø

Miljøet er i endring som følgje av klimaendringane. Korleis skal me ta høgde for dette i arbeidet med å ta vare på dei naturkvalitetane og landskapa som ikkje toler høgare temperatur og følgjene av dette? Miljø må få meir i fokus med ein heilskapeleg tankegang der bærekraft og næringsmessig vinst vert knytt saman. Miljøsertifisering med fokus på energieffektivisering og kjeldesortering er framtidsretta og i tråd med statlege strategiar.

Vedteke energi- og klimaplan for Hemsedal kommune, frå 19.01.2012, sak 17/12 må følgjast opp. Vindkraft- og vasskraftverk som krev konsesjon etter energilova, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova er omfatta av plan- og bygningslova, men det er ikkje lenger reguleringsplikt for slike anlegg. Ved fornybar energi og forvaltning av vassressursane for småkraftverk er det NVE (Norges vassdrags – og energidirektorat) som gjev konsesjonar. Kommunen kjem berre inn i bilete som uttalepart. Derfor er derfor viktig å sjå heilskapen av vasskraftressursane i kommunen og få til ein konsekvensprosess gjennom kommuneplanarbeidet for småkraftverkutbygging.

Me må ha kontinuerleg fokus på problemområder i kommunen, og øyremerke tilstrekkeleg med ressursar til å følgje opp saker, informere og gjennomføre tiltak for å stogge forsøpling og forureining. Ein er i dag ikkje kjent med at motorisert ferdsel i utmark skjer i strid med lov og forskrift, men det er grunn til å tru at snøscooter i rekreasjonssamanheng vil verte satt meir på dagsorden i tida som kjem.

Sett bort i frå kulturlandskapet (som er relativt godt kartlagt) og vilt (relativt godt kartlagt) har kommunen liten kunnskap om artsinventaret i skog, myr og fjell i Hemsedal. Ved inngrep av ein viss storleik kan kommunen leige inn hjelp til å synleggjere og dokumentere naturverdiar, eller kommunen kan «anta» kva som fins av kvalitetar og fatte vedtak på bakgrunn av dette. Dette følgjer også av naturmangfaldlova med krav om kunnskap for gitte område.

Kommunene i Hallingdal delegerte til Hallingdal Renovasjon mynde til å føre tilsyn med at besitter av næringsavfall handterer dette forsvarlig i medhald av § 48 første ledd i Forurensingslova. Delegasjonen overførte også mynde innanfor saksområdet etter Forurensingslova til å:

- krevje nødvendige opplysningar av avfallsbesitter etter § 49
- utføre inspeksjon av eigedom og granske dokumenter og materiell etter § 50
- fastsette og fråfalle tvangsmulkt etter § 73
- begjære påtale etter § 78 siste ledd og § 79 siste ledd.
- krevje gebyr etter forskrift fastsatt av kommunene og § 52

Initiativet frå Styret i Hallingdal Renovasjon IKS om å etablere ein felles kontrollordning for næringsavfall vart innarbeida som tiltak i Avfallsplanen for Hallingdal og Krødsherad, som er vedteke av alle kommunane.

Hallingdal Renovasjon IKS har drifta ordninga i perioda 2011 til medio 2013. Selskapet har ikkje klart å skape grunnlag for nok inntjening, og kontrollordningen har gått med underskot. Ordninga var meint å gebyrfinansierast, men det har vist seg å vere vanskelig å få aksept for å ta gebyr etter tilsyn. Det var og vanskeleg i praksis å få gjennomført nok tilsyn til å finansiere stillinga. Det vart brukte vesentleg meir tid på å klargjere kven som skulle få tilsyn, avklare tidspunkt for tilsyn, få tilsendt nødvendig dokumentasjon/svarskjema, gjennomføre tilsyn, etterarbeid ifm fakturering og liknande enn planlagt. Det var i tillegg ein større belastning for den som førte tilsyn enn det ein hadde tenkte seg. HR hadde to personar som prøvde stillinga, men begge gav seg etter ein stund. Styret og Representantskapet vedtok hausten 2013 i

forbindelse med budsjettarbeidet for 2014 at Hallingdal Renovasjon ikke skulle videreføre ordningen. Dette betyr at mynde til å føre tilsyn med at besitter av næringsavfall vert ført attende til den enkelte kommune. Kommunen fekk formell melding om dette først i brev av 26. juni 2014.

Rapport frå Hallingdal Renovasjon syner stadig misbruk av avfallscontainere,- noko som mellom anna inneber at private må betale for næringsavfall.

10.5 Private avlaup, spreidd og opprydding av desse

Utvalde vassområde som blir avdekka i samband med arbeidet i vassområde Hallingdal, vil bli viktig i arbeide framover. Brukarinteresser knytt til ulike vassdrag er vesentleg i denne samanhengen. Det er satt i gang arbeid med hovedplan for vann, avløp og vannmiljø.

Det vert stilt store krav til kompetanse, kapasitet og organisering i kommunane innanfor fagområde vatn- og avlaup (VA) i spreidd områder (bustad/ fritidseiningar). Lovforvaltning knytt til små reinseanlegg og kontroll av bedriftene sine påslepp gir kommunane faglege utfordringar, i tillegg vil avlaupsanlegg ved spreidd busetnad by på ressursmessige, organisatoriske og miljømessige utfordringar. Ny vassforskrift sett fokus på heilskapleg vassforvaltning. Vassområde Hallingdal har satt i gang arbeid med slik vassforvaltning. Alle inngrep, påverknader og tiltak på vatn i Vassområde Hallingdal skal samlast i ein plan, og planen skal få alle til å trekkje saman for å sikre og forbetre vasskvaliteten i vårt område, og i et nasjonalt perspektiv. I tråd med vassforskrifta, basert på EU sitt rammedirektiv for vatn, vert det føresett at vassressursane skal framstå som minst mogleg påverka. Føremålet med avlaupsdelen i forureiningsforskrifta er å beskytte miljøet mot uheldige verknader av utslipp av avløpsvatn.

Kommunane i Hallingdal er små einingar og har få fagfolk innan VA-faget. Kompetanse og kapasitet er ein flaskehals for å få utført oppgåvane. Dei tilsette innanfor VA-faget har allereie ein mangfaldig og travel arbeidskvardag overfylt med oppgåver. Det er likevel ikkje lov for ein kommune å unnlate å utføre oppgåver grunna ressursmangel. Dersom kommunen ikkje har ressursar eller kompetanse, har kommunen plikt til å skaffe seg dette. Det vert difor, etter initiativ frå Hemsedal jobba vidare regionalt med eit felles regionalt prosjekt for å greie ut om det er grunnlag for å få etablert eit felles avløpskontor, interkommunale organ eller anna form for samarbeid med andre kommunar for å sikre seg kompetanse, fagmiljø og resursar til å ivareta ansvar for desse oppgåvene. Dette er og i tråd med Strategisk Plan for Hallingdal.

10.6 Næring, reiseliv og landbruk

I medhald av samfunnsdelen skal det takast vare på den særeigne naturen og kulturen som pregar bygda og utvikle Hemsedal sitt mangfaldige næringsliv med vekt på reiseliv og landbruk. Det står vidare at reiseliv og landbruk er hovudnæringane i bygda, og at kommunen skal hegne om eit aktivt landbruk som grunnlag for produksjon av mat av høg kvalitet og eit kulturlandskap til beste for innbyggjarar og turistar. Kommunen skal gje rammevilkår for eksisterande næringsliv og styrke samspelet mellom næringane i kommunen. I tillegg til lokale føringar gjennom Hemsedal sine eigne planar vert det frå nasjonalt hald fokusert på t.d. jordvern, biologisk mangfald, kulturlandskap, auka bruk av trevirke i Norge.

Innan primæringar har tal arbeidsplassar frå 1988/1990 -1999/2000 og 2009/2010 vorte redusert med 240 arbeidsplassar. I arbeidet med ny næringsplan har landbruksnæringa ein sentral plass. Kjente utfordringar er mellom anna pressa lønnsemd, rekruttering til næringa, «overflødige landbruksbygg», arealforvaltning

og attgroing av kulturlandskapet. Det trengs å legge til rette for utvikling av landbruket, og tilleggsnæringar til landbruket som t.d. inn på tunet / grøn omsorg.

Beitebruksplan for kommunen vert slutthandsama vinteren 2015 er ein sektorplan som dokumentere verdien av utmarksbeite i næringa, sikrer beitenæringa sine areal i framtida, og set fokus på tiltak som styrker beitenæringa og førebygger og reduserer konflikhtar.

Det er ikkje registrert store problem med misleghald av buplikt, anten på landbrukseigedom eller i bustadfelt. Eventuelt misleghald vert fulgt opp som del av vanleg lovforvaltning. Også motsett problemstilling dukkar opp ved at det vert meldt flytting til fritidsbustadar. Dette er i strid med regulert formål på lik linje med manglande fast busetjing i bustadhus, og kan m.a. vera uheldig på bakgrunn av dimensjonering av avlaupsanlegg, skuleskyss, renovasjon m.m. Det kan også påverke etterspurnaden etter bustader/ bustadtomter. Kartlegging og oppfølging av dette krev også store ressursar.

Hemsedal kommune er ein turistkommune, og mykje av turismen vår er tufta på skiaktivitetar og friluftsliv. Hemsedal er også ein kommune med vekst i folketalet og aktive innbyggjarar. Kommunen har frå tidleg på 1990 talet Turvegprosjektet (1992) og Skiløyper i Hemsedal (1993) som omhandlar skiløyper og turvegar. Då planlegging lokalisering og tilrettelegging av turstigar og skiløyper er viktig, både i høve til grunneigarar og andre interesser er det viktig med ein vedteke stig – og løypeplan. Ny sti- og løypeplan vert vedteke i 2014, og arbeidet med planen syner at forvaltning av stier er fragmentert. Ein ser mellom anna at det er fleire stier som ikkje vert vedlikehalde, eller følgt opp. Det er viktig at næringa, grunneigarane og kommunen i felleskap sett enda meir fokus på forvaltning av sti- og løyper, mellom anna ved å sikre meir ressursar til vedlikehald. Skal ein søkje om Friluftsmidlar/ Tippemidlar knytt til sti- og løyppearbeid krevjast ein godkjent plan.

Reiselivsnæringa i Hemsedal er den største hovudnæringa i bygda der spesielt vinterbaserte aktivitetar og opplevingar står for den største verdiskapinga, jfr. kjelde TØI. Hemsedal Skiheiser har vore, og er eit fundament for utviklinga bygda har opplevd dei siste 20-30 åra.

Reiselivsnæringa består av fleire komplementære bransjar – overnatting, servering, transport, formidling og attraksjonar/opplevingar. Det som bind desse bransjane saman er fellesskap i marknaden. I Hemsedal er om lag 50% av turistane utlendingar. Marknaden vert påverka av finansielle tilhøve i verda, men også det faktum at Noreg er eit høgkostland. Generelt veit ein at reiselivet er svært arbeidsintensivt, noko som inneber at ein stor del av inntekta går til å betale lønningar. I tillegg er det ei utfordring at næringa tapar i kampen om talenta fordi lønnsnivået og mogelegheitene for karriere er for dårlege. Undersøkingar, jfr. Menon viser at ein ikkje har høve til å auke lønningane fordi ein allereie har for høge kostnader, og om ein reduserer lønningane får ein gjerne lågare kompetanse, og dermed lågare kvalitet og mindre mogelegheit til å ta ut høgare priser.

Mykje av bygda sin reiselivsbaserte infrastruktur er basert på ein marknad som etterspør vinteraktivitetar. Bygda opplever store svingingar i sysselsetting (ca. 500 sesongtilsette i vinterhalvåret) mellom vinter og sumar. Fleire verksemdar legg ned verksemda i skuldresesongane/ deler av sommaren og permitterer tilsette med dertil turnover og gjennomtrekk. Lønsemda vert pressa sidan realkapitalen vert forrenta av ein marknad som etterspør tilbod i berre deler av året.

Reiselivet treng å utvikle fleire heilårsaktiviteter, høgare kvalitet på overnattingstilbodet, arrangement og

tilbod som både aukar lønsemda og skapar heilårsarbeidsplassar. Kommunen treng fleire fyrtårn som er mindre avhengig av finansielle konjunkturar, sesong, klima og vertilhøve.

Hemsedal er kjent for sitt vakre natur- og kulturlandskap. Strategisk plassering mellom aust og vest, samt Hemsedal sin alpine natur vil også i framtida trekke folk til bygda, anten som turistar eller vegfarande. Ein føresetnad for gjennkjøp er at bygda framleis kan opplevast som ei perle i Europa. Kvar Hemsedøl må ta vertskapsrolla på ansvar, og syte for at miljøet kan opplevast både urørt og velpleid. Estetiske og visuelle opplevingar slik som byggjeskikk, universell utforming, skilting, eller søppel/ skrot (stygt/pent) er noko som påverkar alle som kjem til bygda. Næringa sine tilsette spesielt, men også kvar og ein av oss er ambassadørar som skal ha fokus på gjestfridom. Summen av desse faktorane påverkar korleis omdømme Hemsedal vil få i framtida.

Kommunen sin utbyggingspolitikk må vere tufta på kommunen si reelle økonomiske løfteevne. Næringa sitt mål om 1 000 000 kommersielle gjestedøgn innan 2020 føresett ein auka bruk av eksisterande senger om ein skal betre lønsemda. Det vil også innebere investeringar i nye einingar. Kommunen står overfor store investeringar i vatn og avlaup, men også samferdselsmessige utfordringar. Dette føresett at ei samla næring må ta ansvar og forstå samanhengen mellom eigeninteresse og fellesskapet sine behov. Gjennom utbyggingsavtaler må næringa ta del i finansiering av tiltak/ fellesgodar som alle er avhengig av. Det er viktig at rekkjefølgjeføresegnar i lokale arealplanar er praktiske, gjennomførbare og vert basert på fakta.

10.7 Hytte og fritidseigedommar

Hemsedal er ein stor hyttekommune, og det er om lag like mange hytteeigarar som fastbuande i bygda. Fritidsbustadundersøkinga frå 2007 viser også at hytteeigarane har ein høg bruksfrekvens – på heile 60 døgn i året. Undersøkinga viser også at hyttefolket representerer stor kjøpekraft, og er ein viktig forklaring på omsetning i detaljvarehandelen. Signal frå hyttefolket, ikkje minst frå ulike hyttemøter syner stort engasjement. Hyttefolket bryr seg, og ønskjer å ta del i utviklinga av bygda. Hemsedal kommune manglar ein målretta hyttepolitikk. Korleis leggje tilhøva til rette for hytteeigar som ressurs ? Hytteeigar som ressurs må vere eit tema i høve kommunal planlegging. Aktuelle spørsmål er;

- Kompetanse – og Business to business nettverk
- Hytta som bustad
- Spørsmål om fellesgodefinansiering og prioritering av fellesgoder
- Organisering/- kommunikasjon – korleis samhandle meir med hyttefolket
- Egedomsavgift/ beskatning
- Hytteeigars rettigheter – heimhjelp etc. på hytta

Strategisk næringsplan vil konkretisere kommunen sin hyttepolitikk, ein plan som vert avslutta vinteren 2015.

10.8 Næringsfond og næringsplanlegging

Strategisk Næringsplan for Hemsedal vil bidra til meir heilskapleg næringsforvaltning. Sidan næringsfondet kan finansiere kommunalt næringsarbeid, prosjekt og bedriftsretta tiltak må ein sjå bruken av fondet i samheng med heile næringsarbeidet i kommunen.

Næringsplanen skal konkretisere strategiar og tiltak som administrasjonen kan prioritere arbeidet sitt etter (lang og kort sikt). Bruken av næringsfondet har i fleire år vore større enn konsesjonsavgiftene (inntektssida til fondet), samt utbytte frå Hemsedal Energi. Konsesjonsavgiftene vert justert kvart 5. år, sist i 2014 i tråd

med konsumprisindeksen. Det er viktig for rådmann å leggje fram eit budsjett for næringsfondet som tek sikte på å byggje opp att fondskapitalen.

For 2014 har kommunestyret vedteke uttak frå Hemsedal Energi på samla kr. 1.000.000,- der kr. 800.000,- er øymerka ymse nærings tiltak, og kr. 200.000,- ENØK- tiltak. Sidan etterspurnaden etter ENØK- tilskot synast å flate noko ut, administrasjonskostnader knytt til ordninga er fast, samstundes med at ENOVA tilbyr eigen tilskotsordning, rår rådmannen til å kutte ut tilskotsordning. Ein kan truleg heller ikkje basere seg på store uttak frå Hemsedal Energi fast i framtida. Dette betyr at uttak frå Hemsedal Energi vert redusert med kr. 200.000,- samanlikna med 2014. Mykje av næringsfondet si avkastning er bunde opp i øymerka tilskot til prosjekt/ aktiviteter med næringsverdi. Dette sett særskilte krav til framtidig forvaltning av næringsfondet.

I utgangspunktet skal ikkje næringsfondet gå til drift. Stønad til Hemsedal Utmarksservice og Trøim Stadformingsplan AS bør helst dekkast over drift. Tilskot til HUS vert likevel definert å vere ein form for tiltaksarbeid, slik at ein framleis kan tilrå næringsstilskot til dette tiltaket. Rådmannen rår difor at ein framleis yter stønad til desse via næringsfondet. Kostnader i regi av Trøym Stadformingsplan (blomstertsell, parkfunksjon, søppelplukking etc) vert fakturert kommunen i høve kommunen sin eigarandel i selskapet. Rådmannen legg til grunn at vidare stønad til dette selskapet vert dekke over drift. Næringsfondet har også støtta aktivitet born- og unge under skulebudsjettet. Dette er ein form for driftsstønad som ligg utanfor fondet sine vedtekter, og må i staden dekkast over drift.

Tilrettelegging for næringsutvikling inneber aktiv arealplanlegging. Me ser at kommunen nyttar store summer årleg til lønn, utgreiingar, eller juridiske avklaringar. Det vert tilrådd å vidareføre fast kr 460.000,- frå næringsfondet til å dekke årleg arealplanlegging.

Arbeidet med næringsplan syner behov for å vri stønadsførmåla innan «Ymse jord og skog» på ein måte som gjer større effekt for landbruket. Etterspurnaden etter desse midlane spegler trenden i næringa. Det er ønskjeleg å stimulere yngre gardbrukarar/ stimulere til rekruttering og kompetanseutvikling. Ei ny gjennomgang av tilskotsordningana vil truleg bidra til å auke etterspurnaden etter desse midlane i 2016-2017.

Samla oversikt syner da at kommunen årlig tilfører grunnkapitalen kr. 150-200.000,- noko som er naudsynt for å bygge opp fondskapitalen. Det vert vist til etterfølgende tabell (likviditetsbudsjett) som syner det viktigaste støtteføremåla, inntektskjeldene til fondet, og korleis fondskapitalen synast å utvikle seg basert på planlagt aktivitet.

Det vert samstundes arbeida med etablering av ein friluftshøgskule i Hemsedal, i samarbeid med Universitetet i Stavanger. Det er satt av kr. 200.000,-/ årleg som kommunen si eigenandel i tillegg til eigeninnstas frå administrasjonen.

Grovvorsikt - budsjett		###	##	2013	2014	2015	2016	2017
Basert på budsjett og vedtak gjort i 2014								
Inngående saldo 01.01.2013	Teneste			1 902 038	2 670 112	2 682 845	2 859 757	3 011 751
Avsatt konsesjonsavgifter (budsj)				2487388	2754000	2754000	2754000	2754000
Avsatt Hemsedal Energi Næring				500000	800000	800000	800000	800000
Avsatt Hemsedal Energi ENØK				500000	200000			
Sum inntekter				3487388	3754000	3554000	3554000	3554000
Aktivitet barn og unge	2010.2311			-58 000	-58 000			
Plansakbehandling (Arealplanlegger)	3010.3011			0	-450 000	-460 000	-460 000	-460 000
Næringsforvaltning	3400.3251			-233 000	-233 000	-233 000	-233 000	-232 999
Sum				-291 000	-741 000	-693 000	-693 000	-692 999
Tilskudd til næringsstøtte	3400.3252							
Trøim Stedformingsplan				-130000	-150000	0	0	0
Hemsedal Utmarksservice				-375 000	-425000	-425000	-425000	-425000
Hallingkost BA				-30770	-15385			
Hallingdal Etablerersenter -				-50000	-55000	-55000	-55000	-55000
Tilskot ymse jordbruksformål - årleg ramme inkl F-ring				-176000	-250000	-250000	-300000	-300000
Prosjekt "Hemsedal Veksthus" (nettoverknad)				-100000	-80000	-80000	-80000	
Tilskot andre næringer - rest/ småløyvingar				-150 000	-450000	-300000	-300000	-300000
Tilskot Norges Friluftshøgskole - kommuna sin garantisum				0	0	-200000	-200000	-200000
EU- vanddirektiv - F-sak 79/10-K-sak 125/10				-31 500	-31500	-21000		
Prosjekt "Ta vare på Hemsedal" jfr F-sak					-30000	-30000	-30000	-30000
Løyvingar ENØK				-300 000	-200000			
Tilskott Næringsforum - møteplasser					-25000	-25000	-25000	-25000
Sum tilskudd næringsstøtte	3400.3252			-1343270	-1711885	-1386000	-1415000	-1335000
Hemsedal HTTL eks mva	3400.3256			-830000	-1000000	-1000000	-1000000	-1000000
Landbruksforvaltning	3400.3291			-350 000	-350 000	-360 000	-360 000	-360 000
Sum anna bruk av fondet				-1180000	-1350000	-1360000	-1360000	-1360000
Total bruk av fond basert på pol.rammer				-2 814 270	-3 802 885	-3 439 000	-3 468 000	-3 387 999
Årlig diff. inntekt fondet og bruk				673 118	-48 885	115 000	86 000	166 001
Renter stipulert				94 956	61 618	61 912	65 994	69 502
Overført				768 074	12 733	176 912	151 994	235 503

10.9 Utbyggingspolitikk

Det er viktig å sjå planarbeidet i samanheng med samfunnsutviklinga generelt. Mykje av føresetnadene for utvikling i aksen Trøym sentrum – Hemsedal Skiheiser har stoppa opp. Realisering av sentrale infrastrukturinvesteringar er ikkje gjennomført grunna manglande etterspurnad/ sal av sentralt lokalisert sengekapasitet, eller at aktuell infrastruktur er så kostbar at destinasjonen ikkje har tilstrekkeleg finansiell løfteevne. Signal frå næringa er at etterspurnaden etter både varme og kalde senger har stoppa opp. Dette påverkar også anleggsbidraga frå HIAS (HIAS er eit selskap for felles gjennomføring av infrastruktur). Som fylgje av utbyggingar i skiheis – og skiheisnære område, der det er etablert utbyggingsavtale mellom HIAS og kommunen. Aktuelle ikkje realiserbare tiltak beskrive som vedlegg 4 og 5 i utbyggingsavtala er:

- Utviding av Holdebakken høgdebasseng
- Kryss, skiheisvegen – RV- 52
- Vatn- og avlaupsledning Tuv/ Trøim (ferdig mellom D1 og Bruhaug), resten planleggast
- Tilkomst RV-52 til parkering øya- camping/ Trøym
- Nytt vassverk Tuv
- Parkering Trøym

I ulike reguleringsplanar i « HIAS- område» gjeld reguleringsføresegner som føresett at ovannemnde pkt. må vere i vareteke før det vert gjeve løyve etter PBL kap 20. Det er og satt ei grense på 85000 m2 BRA for heile området frå Totteskogen i aust til og med Holdeskaret/ Tinden – altså om ein bryt denne grensa skal nemnde infrastrukturtiltak vere gjennomført før bruksløyve/ ferdigattest vert gjeve. Av utbyggingsprosjekt som kan gje bidrag til HIAS, er dette for tida utvikling i Tindenområdet, utvikling i Totteskogen og areal i Fjellandsbyomr. v/ Hemsedal Eiendomsutvikling AS. Det er ei utfordring å forvalte rekkefølgeføresegna.

I vedteke planstrategi er nettopp ei analyse og vurdering av framtidig varme- og kalde sengs politikk prioritert. Denne analysen, og eventuell endra politikk vert konkretisert gjennom arbeid med næringsplan. Næringslivet har spelt inn ønskje om rundt 15.000 nye varme senger i eit 30 års perspektiv. Grove anslag syner at gjeldande reguleringsplaner i kjerneområdet, areala frå Trøym sentrum – Totteskogen – Fjellandsbyen/ Skarsnuten/ Tinden og Røggjelia ivaretek dette behovet. Ei slik utvikling er avhengig av at alle, også eventuelle nye kalde einingar vert med å finansiere grunnleggjande destinasjonsutviklingstiltak (bruer, kryss, skikulvert, off. toalett, aktiviteter etc.) som lekk i å heve destinasjonen sin attraktivitet. Utfordringa vert å utvikle ein modell som syter for at alle vert med i finansieringa, og at ein har ein juridisk tryggleik for at dette vert gjennomført. Om ein skal opne opp for fleire kalde senger må eit kriterie vere at desse sengane vert med å finansiere sentral infrastruktur som er med å auka lønnsemd i dei varme einingane.

10.10 Mål for tekniske tenester (Plan-, byggesak, kart- og oppmåling)

Det er eit mål å oppretthalde servicenivået me har opparbeida oss siste åra. Dette føresett godt samarbeid med utbyggjarar, entreprenørar/ handverkarar og ikkje minst kunne halde på dei dyktige medarbeidarane etaten har i dag.

Som arbeidsmål for 2015 er følgjande konkretisert;

- «Tilsynsstrategi» innan byggjesak, med vekt på opprydding av ulovleg skilt- og reklamebruk i kommunen. Geografisk prioritering vert sentrum i kommunen, der Trøym står først. Dette er eit tidkrevjande arbeid som må tilpassast gjeldande bemanning i etaten
- Gjennomføre stikkprøvekontroll av næringsavfall, samt ta initiativ til ei interkommunal tilsynsordning etter at Hallingdal Renovasjon har avslutta sitt «forsøk» på å etablere ei slik ordning
- Konkretisere "fareområde skred" herunder kvalitetssikre skrednett i utvalte områder, for om moglege trekke opp retningslinjer og betre dokumentasjon i høve framtidig byggjesakshandsaming
- «Slutføre» adresseringsprosjekt slik at flest moglege med matrikeladresse i løpet av året får tildelt vegadresse – fristen var eigentleg 31.des 2014, men det er truleg ingen kommune i Norge som klarer dette
- Oppretthalde sakshandsamingstida slik at kommunen framleis er betre enn samanliknbare kommunar/ landsnittet
- Føreseieleg politiske prioriteringar innan arealplanlegging kva gjeld kommuneplanarbeid, sakshandsaming av private reguleringsplanar, og reguleringsplanarbeid i eigen regi ved å sikre betre samhandling. Ajourført delegasjonsreglement sikrar raskere handsaming

Pågåande planoppgåver pr. august 2014.

PLANTYPE	PLANNAVN/ aktivitet	PLANARBEID
Omr. Plan,12/00692	Trøym- sentrum, planframlegg er off. ettersyn	Motsegner NVE og Stuv. Vidare avklaring for arbeidet vidare Plan & Ressurs 22.05. Møte Cowi
Omr. plan,12/01611	Ulså sentrum- slutthandsaming.	Er slutthandsama i k styre - Arbeider vidare med avklaring Fosheim.
Omr. plan,12/00167 - 14/00407	Områdeplan Holdebakken – rev.	Er kunnngjort oppstart, kommet inn nokre merknader til oppstart. Tilf med Andreas Smith Eriksen i veke 19 stopp planprosess. Avklarande møte for vidare prosess.
Omr. plan,14/00329	Trøym - Aust	Oppstartvarsel- planprogram utlagt, frist for innspel 2 juni Utrekningsarbeid
K-del plan,12/00098 ESA: 11/997	Markegardslie – Lykkja planframlegg mot	Ute til off. ettersyn - samanstilling av merknader K planmøte den 11. juni. Avklaring vidare plan
Reg. plan,12/01154	Totteskogen – endring av gjeldande plan	Planavklarining fordeling næring - fritid . Avklare skredutslp. Dialog med OPUS som plankonsulent samordning med Trøym
Reg. plan,12/00426	Rudningen bustadfelt , ute til off. ettersyn	Avklaring ROS- Stian Heid ser vidare på løysingar og kjem med justert planframlegg
Reg. plan,ES408/955	Bubakken	Venter på plan
Reg. plan,12/03034	Planendring F1 – Holdebakken – T. Ålrust	Venter på plan
Reg. plan ,12/02121	Planendring Storella m. fl. - Biong arkitekter	Fått inn planframlegg - Planavklariningar også politisk ? Planfaglege utfordringar/ planføresegger det må ryddast i
Reg. plan 13/00934 - Disp 14/00593	F4 – Bakkestølane- detaljplan hytter	Mindre plan, Forespørsel om dispensasjon for fleire hytter
Reg. plan 13/01336	Haraborn Fjellkontor II - Reguleringsendring	Er varsla oppstart av Hallinglos, Kjem plan snart.....
Reg. plan 14/00159	Reg. endring av Eikre Ålrust F6 i kommuneplan	Ute til Høyring, frist i juni - 2 gangs handsaming etter ferien
NY Reg. plan 14/00656	Hestehaugane	Fortetting av plan - det er halde oppstartmøte i april
NY Reg plan 14/00804	Huso fortetting / Utviding gj. plan	Det er bedt om oppstartmøte
NY Reg plan 14/01132	62/9 Ulsåkstølen- 11 nye hytter	Bedt om oppstartmøte
NY Reg plan 14/00899	Detaljplan Mølla H. Fjellandsby	Asplan Viak har varsla oppstart
NY Reg plan 14/00899	Ny Ørk - Jegeir Trøym	Planendring reg. plan
Sti- og Løypeplan	Kinga	Er i prosess
Hovudplan - VA	Elin	Er i prosess
Næringsplan	Ola/Gunn m. fl	Er i prosess
Kalde/ varme senger	Ola m fl.	Er i prosess
Disp. sak 12/00161	Bergastølen opprydding i gj. plan	Disp. sak – nabovarsla og handsaming i Juni møte. Kan kome klage
Disp. sak 14/00721	Anne Ulsaker Bekken	Bustadtomt Ulså
Disp. sak 14/00605	Stugu Eigedom as	Endring av formål Stugu påbygging mm.
Disp. sak 14/00410	Christer Carlson - Bustadtomter	Vegavklarining - Utslepp
Disp. sak 14/00799	Hustadhaug - Sjøstad	2 bustadtomter- i BU 8 i kommuneplan

Rådmannen vil råde kommunestyret til omgåande å starte opp ei **avgrensa** justering av kommuneplanen innan fire konkrete områder;

